



Arkivplan for Ål kommune

Versjon pr. 1/5 05.

Arkivplanen er bygd opp etter Riksarkivet sin "Mal for arkivplan", og er utarbeidd i samsvar med Arkivloven av 1/1 1999 med forskrifter om offentlege arkiv, kommunelova, offentlegheitslova, forvaltningslova, personregisterlova, anna særlovgiving og eigne rutinar, med tillegg av nye rutinar.

Denne arkivplanen skal til ei kvar tid vere retningsgjevande for korleis all dokumentasjon som kommunen treng i sine daglege gjeremål eller har plikt til å oppbevare for ettertida skal registrerast, oppbevarast og nyttast. Den skal vise kva arkivet omfattar og korleis det er organisert.

Det er eit krav i forskriftene til arkivlova at kommunane skal ha ein slik plan (forskr. § 2-2). For at planen til ei kvar tid skal vere aktuell, må den jamleg oppdaterast og journalførast. Dette skal skje kvart år, eller når organisasjonsplanen vert endra. Dei arkivplanane som er gått ut av bruk skal arkiverast.

Administrasjonssjefen har arkivansvaret.

Arkivleiar har det daglege ansvaret for arkivtenesta og utarbeider verksemdsplan. Godkjend verksemdsplan skal vere med i kommunen sin årsplan.

I kommunen er det administrasjonssjefen (rådmannen) som har det overordna arkivansvaret jf Arkivforskrifta §1-1, andre og tredje ledd og kommunelova § 23.

Som administrasjonssjef i Ål kommune oppmodar eg alle medarbeidarar om å setja seg godt inn i og følgja retningslinene i planen.

Arkivplanen avløyser den tidlegare godkjende plan av 1/1 1994.

Planen har vore ute på høyring i sektorar, avdelingar og hjå tillitsvalde i Ål kommune, og godkjent i sektorleiar møte 8. juni 2005.

Ål kommune 08. 06. 2005.

Trond Kleppen rådmann

INNHALDSOVERSIKT:

1. Innleiing

- 1.1 Generelle føremål og bakgrunn
- 1.2 Oppdatering av arkivplanen

2. Organisering og ansvar:

2.1 Eigen organisasjon

- 2.1.1 Historikk, formannskap, kommunestyre
- 2.1.2 Administrativ organisering
- 2.1.3 Politisk organisering

2.2 Arkivansvar og organisering av arkivarbeidet

- 2.2.1 Rådmannen (administrasjonssjefen) sitt ansvar
- 2.2.2 Delgering av mynde
- 2.2.3 Arkivleiar sitt ansvar
- 2.2.4 Arkivtenesta sitt ansvar
- 2.2.5 Avdelingane sitt ansvar
- 2.2.6 Arkivdepotet sitt ansvar
- 2.2.7 Handsamingsansvarleg etter personalopplysningslova
- 2.2.8 Andre sitt mynde
- 2.2.9 Arkiv
- 2.2.10 Arkivseriar og arkivdelar
- 2.2.11 Sak - organisering i saksmapper
- 2.2.12 Krav til journal og arkivsystem
- 2.2.13 Arkivskapar og journaleining

3. Lover/forskrifter og regelverk

3.1 Lovverk

3.2 Forskrifter og instruksar

- 3.2.1 Riksarkivaren sine føresegner
- 3.2.2 Kva er KOARK-/NOARK-4 standard.

3.3 Eigne instruksar og rutinar

- 3.3.1 Innleiing – rutinar post/arkiv
- 3.3.2 Arkivverdige dokument
- 3.3.3 Ikkje arkivverdige dokument
- 3.3.4 Registrering av innkomen post
- 3.3.5 Utlån av dokument/saker internt
- 3.3.6 Post som skal handsamast særskilt
- 3.3.7 Rutinar personalsaker
- 3.3.8 Brevkopiar
- 3.3.9 Telefaks
- 3.3.10 E-post inn - ut
- 3.3.11 Rundskriv
- 3.3.12 Høyring
- 3.3.13 Pressemeldingar
- 3.3.14 Rekningar/fakturaer
- 3.3.15 Refererast i utval
- 3.3.16 Postliste
- 3.3.17 Forfallskontroll

- 3.3.18 OBS-liste
 - 3.3.19 Restanseliste/kontroll
 - 3.3.20 Gnr/bnr
 - 3.3.21 Registrering av byggesøknader, delingssaker m.m
 - 3.3.22 Kopi av brev til kommunen
 - 3.3.23 Inn- og utgåande brev – unnateke offentlegheit
 - 3.3.24 Post til barnevernskontoret.
 - 3.3.25 Post til forliksrådet
 - 3.3.26 Post til legekantoret
 - 3.3.27 Post til sosialkantoret
 - 3.3.28 Post til økonomikantoret
 - 3.3.29 Journalføring i fagsystem og manuell føring
 - 3.3.30 Arkivrettlegg for grunnskulen
 - 3.3.31 Eigenproduserte planer, info hefter m.m.
- 3.4 Rutinar for sakshandsamar**
- 3.4.1. Mottak og fordeling av brev/saker
 - 3.4.2 Førebels svarbrev
 - 3.4.3 Registrering av utgåande post/notat
 - 3.4.4 Avtaler og kontraktar.
 - 3.4.5 Rydding i saksmapper
 - 3.4.6 Utvalsarbeid
- 3.5 Sekretariatet sine oppgåver**
- 3.5.1 Postregistrering og registrering
 - 3.5.2 Møteplan
 - 3.5.3 Tidsfristar
 - 3.5.4 Etterarbeid – utval
 - 3.5.5 Arkivering

4. Sikring

- 4.1 Tryggleiksrutinar
- 4.2 Eksternt innsyn i arkiv
- 4.3 Sensitive personregister
- 4.4 Deponering
- 4.5 Innsyn i deponerte register
- 4.6 Konesjons- og meldeplikt
- 4.7 Datasikring
- 4.8 Fysisk sikring

5. Organisering og handsaming av arkiv

5.1 Framfinningssystem

- 5.1.1. Arkivnøkkel
- 5.1.2 Elektronisk arkiv
- 5.1.3 Dataprogram som har vert- /er i bruk
- 5.1.4 Oppbygging av arkivet

5.2 Arkivavgrensing

5.3 Bevaring og kassasjon

5.4 Periodisering og bortsetting

- 5.4.1 Bortsetting
- 5.4.2 Avlevering personregister

- 5.5 Arkivoversikt**
 - 5.5.1 Daglegarkiv
 - 5.5.2 Bortsettingsarkiv
 - 5.5.3 Arkivdepot
 - 5.5.4 Overførte arkiv
 - 5.5.5 Tapte arkiv
 - 5.5.6 Fyrstehjelp ved skade på arkiv
 - 5.5.7 Avleverte arkiv

6. Vedlegg til arkivplanen

- 6.1 Arkivretteiing for Grunnskulen**
- 6.2 Normalinstruks for arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar, Riksarkivaren 01.06.2002**
- 6.3 Arkivnøklar**
- 6.4 Overføringslister frå skular- skulekontor**
- 6.5 Overføringsliste frå Ål Likningskontor**
- 6.6 Register over arkivmateriale i bortsettings-/arkivdepotet**
- 6.7 Oversikt over diskettar o l med elektronisk materiell**
- 6.8 Oversikt over arkivmateriell med teieplikt**
- 6.9 Oversikt over plassering av andre fysiske arkiv.**
- 6.10 Oversikt over endringar i nemndstruktur og organisasjonsmodellar**
- 6.11 Rutinehandbok for Ål kommune pr 010205**
- 6.12 Arkivplan Hallingdal brann- og redningsteneste iks**

1. INNLEIING

1.1 GENERELLE FØREMÅL

”Offentleg organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna slik at dokumenta er trygga som informasjonskjelder for samtid og ettertid” (Arkivlova § 6)

Arkivforskrifta § 2-2 : Eit offentleg organ skal til kvar tid ha ein ajourført samleplan, ein arkivplan, som viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Arkivplanen skal også vise kva sags instruksar, reglar, planar m.v. som gjeld for arkivarbeidet.

Arkivplanen sitt føremål er kvalitetssikring av arkivfunksjonen i kommunen.

Arkivplanen skal vise korleis arkivarbeidet skal utførast, reglement og instruksar for journalføring, sakshandsaming, arkivhandtering, oversyn over arkivdelar og arkivseriar i Ål kommune. Forskrifta om offentlege arkiv krev at arkivarbeidet skal vere lagt til arkivtenesta. Dersom dette skal bli tilfredsstillande, og dersom arkivtenesta skal kunne fungere i si primære rolle som aktiv støttefunksjon for sakshandsaming og utføring av oppgåver, er det naturleg at både ansvaret for planlegging, styring og gjennomføring av den praktiske dokumenthandsaminga (arkivdanning), og forvaltning av dokumentasjonen (bevaring), ligg til denne.

Bevist og målretta skal den integrere funksjonar som verksemda sin kunnskapsbank, minne og informasjonsvaktmeister.

Alle tilsette i Ål kommune som arbeider som sakshansamarar eller kontorutinar pliktar å gjere seg kjent med desse retningslinene.

Planen gjeld for alle verksemdar i Ål kommune, både manuelle og elektronisk dokumenthandsaming. Planen vert utdelet til alle nytilsette i kommunen. Retningslinene i dette dokumentet blir gjort gjeldande som eit internreglement.

1.2 Oppdatering av arkivplanen

Arkivplanen skal ajourførast ein gong i året eller når det er endringar i organisasjonen, eller endringar i rutinar i sak/arkivsystemet. Ansvaret for dette arbeidet er hos arkivansvarleg. Det er berre endringane i arkivplanen som da vert distribuert.

Innspel til endring av arkivplanen skal levert til arkivleiar.



2. ORGANISASJON OG ANSVAR

2.1. Eigen organisasjon

2.1.1 Historikk Formannskap, kommunestyret, sentraladministrasjonen.

Ål har eksistert som kommune frå formannskapslova kom i 1837.

Den 1. januar i 1877 vart Hol skild ut frå Ål og vart eigen kommune.

Den gamle Tingstugu frå 1764 gjekk med i storbrannen på Sundre 11 mars 1931

" Aar 1931 den 12 mars, hadde Aal formannskap møte i Aal sparebanks lokaler i anledning branden den 11.d.m. Fråværende A. Breie, H. Gjørud og O.H. Tretterud, av varamenn møtte Knut Tveito og A. Urholdt.

Møtet vart ledet av viseordfører.

Vart referert at branden begynte i Aal gamle Tingstugu som brendte ned, dessutan

O.S. Hajems gård, O. Skriens gård, O. Perstølsens gård, Aal handelslag gård og Sundre hotell.

Samtlige kasserere møtte. Herredskasserer A. Solheim meddelte at de viktigste av regnskapsbøkene vedk hans kasse var reddet. Av de kontanter han forvaltet brente bare noen få kroner. Av statsobligasjoner 1930 brente kr. 1.500,- og av statsobligasjoner 1918 brente kr 2.500,- dessuten en del pantobligasjoner.

Kasserer for elektrisitetsverket meddelte: at alle regnskapsbøker vedk ektrisitetsverket var brent dessuten kassabeholdningen ca kr 600,-.

Kasserer for trygdekassa meddelte at kontoboka for arbeidsgivere og frivillige vart brent dessuten en del av arkivet.

Hele kommunearkivet brente.

Formannskapet er av den mening at noen andre foranstaltninger i anledning branden, nu ikkje blir å foreta.

Møtet slutt. L. Skrattegard, Ola Perstølen, Aksel Urholt, K. T. Tveito.

Ein del protokollar vart rekonstruert og skrive inn at på nytt av ordf. Arnfinn Breie i 1931-1935, saman med tidl ordf. Erling Bekkestad.

I ein av protokollane står der å lesa:

" Ved brannen på Sundre 11. mars 1931, brann det meste av kommunearkivet. For å få i stand att møtebøkene for heradstyret, vart hovudutskriftene, som etter kvart møte var innsende til fylkesmannen, utlånt frå Riksarkivet og skrive av i protokollar. I denne boka er innført utskriftene av heradstyremøtene frå 1881 til 1901."

I ein annan protokoll står det:

" Foranstående utskrifter av Aal formannskaps- og herredstyrets forhandlinger i tidsrummet 30/ 1- 1902 til 22/6 - 1910, der er innført i nærverende gjennomdragne og til 478 paginerte sider, er ordlydende efter de originale fra formannskapet til Buskerud fylke innsendte generalutskrifter".

Arnfinn Breie
Ordfører

E. Bekkestad
fhv. ordf.

Den nye Tingstugu vart teke i bruk seinhausten 1932. Ål formannskap hadde sitt fyrste møte i Tingstugu 22. desember 1932 og Ål kommunestyre hadde sitt fyrste møte på den nye Tingstugu 16. mars 1933.

Den som var ordfører tok vare på alle inn og utgåande skriv. Han var den som hadde ansvaret for at møteboka vart ført og at vedtaka vart gjennomført. Alle sakspapira og inn- og utgåande skriv vart samla i store konvoluttar. På desse sto det kanskje frå før: Til ordføreren i Ål. Desse konvoluttane fungerte som arkiv. Utanpå vart årstalet skrive med store bokstavar.

Rundt konvolutten var det ofte, surra ein kraftig hyssing. Var konvolutten stor nok kunne det vera papir for opptil 2 år i den dersom det var stille år.

Papirmengda auka på utover, men systemet med "arkivet i konvolutten" held på. Inngående dokument auka merkbar ved start av krigen 1940. Det var ymse pålegg og instruksar frå den tyske krigsmakta. Det var ikkje alle som etterkom innhaldet i desse. Det vart difor sendt purrebrev, noko som var ein grunn til den auka inngående brevmengda. Utgåande skriv var det heller lite av i krigsåra.

Riksarkivaren har pålagt at alle arkivsaker i krigsåra og fram t o m 1950 skal takast vare på for alltid. **Ingenting av dette må kasserast !**

Frå kring 1960 vart arkivboksar teke i bruk. Dokumenta vart "arkivert" etter emne og ved bruk av saksomslag, nummerert etter ROALDS Kommunale Arkivsystem. Ordføraren hadde framleis arkivansvaret.

Kopiar av utgåande brev, vart skrive med gjennomslagspapir på skrivemaskin, andre kopiar vart skrive med blåpapirgjennomslag for hand. Var det skriv som måtte sendast einkvan til uttale, vart det skrive på sjølve skrivet som vart sendt. Ein hadde då ikkje att noko i eige "arkiv". Dette endra seg då ein på 1960-talet fekk spritduplikator og stensilmaskin. Når ein i tillegg fekk stensilbrenner var dette med å sikre at dokument var mangfaldig og arkivert. I 1968 kom NHF arkivplan, utarbeidd av Noregs Heradsforbunds arkivkomite og godkjent av Riksarkivet, teke i bruk.

Ein fekk då ein ny arkivnøkkel. Dette systemet vart betra utover 1980-åra. I 1993 kom det nye arkivsystemet med K-kodar og endå ein ny arkivnøkkel vart teke i bruk, denne vert framleis nytta..

På kvar etat vart det oppretta eige sakarkiv med manuell postregistrerings journal.

Seinhausten 1985 vart det innført elektronisk postregistrering og etterkvart og sakshandsaming, med Unique sitt elektroniske sakarkiv system. I september 1998 gjekk kommunen over til bruke IBM sitt nye elektroniske sakarkivsystem, K2000, som framleis er i bruk.

I Helse- og sosialsektoren vart fagsystemet Gerica, for pleie- og omsorgsdelen og Sosio ved sosialkontoret, teke i bruk i frå september 2000.

Helsestasjonen nyttar fagsystema HS-pro og Visma Uniqe

Skule- og barnehage har fagsystemet Exstens og PPT brukar HH-data

Frå september 2004 vart det teke i bruk nytt økonomi- og lønns system - Visma Uniqe.

Lønssystemet vart teke i bruk frå 1/1 2005.

Frå 01.01.2003 vart det oppretta eit tilnærma felles sakarkiv for kommunen.

Personalarkivet er og sentralisert slik at ein har eit personalarkiv for heile kommunen.

Kommunale styre, råd og utval/kommunale etatar.

Viktige styre og råd frå før 1900 og utover var fattigstyre (seinare sosialstyre) og skulestyre.

Seinare kom edruskapsnemnd, jordstyre og bygningsråd i tillegg til fleire. Formennene i desse styra fungerte på same måte som ordføraren hadde gjort. Dei var også "arkivar" for sine dokument. Dokumenta fylgde formannsvervet og vart overlevert ved kvart skifte.

Kommunale etatar kom til etterkvart. Den første "etaten" var jordstyrekontoret i midten av 50-åra. Den laga sitt eige arkiv, bygd på gards- og bruksnummer. Dette gards- og bruksnummerarkivet held på framleis.

Frå 1977 vert saksarkivet ordna etter same system som Landbruksdepartementet,

Fylkeslandsbrukskontoret og Jordstyret, kalla "Ajoure", og dei gamle dokumenta frå


saksarkivet vert overflytta til dette arkivet. Frå 1981 t o m 1994 var landbrukskontoret

statleg. Etter ein felles avtale har kommunen behalde dette arkivmateriale i kommunen. Kommuneingeniørkontoret, som vart etablert på 1960 talet med kommuneteknikar, bygde sitt arkivsystem på gard- og bruksnummer når det vedkjem byggesakshandsaming, men tok og i bruk KS-systemet for inn- og utgåande post då dette kom, Skulekontoret vart oppretta i 1963 med lokale på den nybygde Ål ungdomsskule. Alt frå Ål vart eigen kommune, hadde heradskassa vore ein "etat" som skulle stå for alle utbetalingar etter vedtak i kommunestyret og tilvisning av ordførar. Ein kan vanskeleg kalle det "etat" slik ein meiner med etat i dag. Den som fekk oppdraget måtte ta det på tilbod. Den med lågaste tilbodet fekk som regel vervet med utbetalingar og innkrevjing av skattar. Dokumentmengda var ikkje av den største, men alt av denne har nok ikkje vorte teke vare på.

Det har vert føreteke endringar i nemndstruktur og organisasjonsmodellen fleire gonger gjennom åra. Sjå vedlegg under kap. 6

Frå årsskiftet 2003/2004 var siste omorganisering med endring av namn og samanslåing av hovudutval til ny sektorutval. Sjå nedanfor.

2.1.2 Administrativ organisering



Sekretariat/sentralarkiv

Postmottak
Saksarkiv
Politisk sekretariat

Sosialkontoret

Klientmapper (Edb lagring)

Helse/Pleie/omsorg

Avd. for funksjonshemma
" " pleie og omsorg
" " ergo- fysioterapi
" " psykisk helsevern
" " primærhelseteneste (legekontoret)

Teknisk/Landbruk

Gnr bnr landbruk
Gnr bnr teknisk
L-12 reguleringsplanar

Personalkontoret

Personalsaker

Økonomi/lønn/skatt

Saksarkiv
Personalarkiv

Oppvekst

Elevmapper skule
Barnehagemapper
Barnevern
PPT/ Helsestasjon

Arkiv/depot heile kommunen

Protokollar
Møtebøker, kopibøker
Saksarkiv
Spesialarkiv
Backup – dataavdelinga

2.1.3 POLITISK ORGANISERING

2.2 ARKIVANSVAR OG ORGANISERING AV ARKIVARBEIDET

2.2.1. RÅDMANNEN (ADMINISTRASJONSSJEFEN) SITT ARKIVANSVAR

Rådmannen har i fylgje kommunelova og arkivforskrifta ansvaret for kommunen sine arkiv, og for at organiseringa og oppfølginga av arkivarbeidet er i samsvar med lover og forskrifter om offentleg sakshandsaming. Innhaldet i administrasjonen sitt arkivansvar er elles fastsett i lover og forskrifter og i retningslinjer gitt i heimel i dette lovverk.

Arkivforskrifta § 1-1: Det overordna ansvaret for arkivarbeidet i eit offentleg organ tilligg den øvste leiinga i organet. I kommunar og fylkeskommunar er arkivansvaret ein del av det overordna administrative ansvaret som er tillagt administrasjonssjefen, jf kommunelova § 23.

Eit offentleg organ har ansvaret for at underliggjande organ får nødvendige rettleingar, råd og instruksar for arkivarbeidet i samsvar med føresegner gitt i eller i medhald av arkivlova. Organet har det overordna arkivansvaret for offentlege utval som organet har nedsett."

2.2.2. DELEGERING AV ARKIVMYNDE

Det operative arkivansvaret, dvs. den daglege leiinga av arkivarbeidet i offentleg organ, skal etter arkivforskrifta § 2-1 være plassert ein stad, hjå ein arkivansvarleg.

I fylgje rutinehandbok for hallingdalskommunane delegerer rådmannen sitt mynde slik:
"Arkivleiar har det overordna ansvaret for arkivforvaltninga i kommunen. Arkivleiar er arkivfagleg overordna seksjonane".

2.2.3. ARKIVLEIAR SITT ANSVAR

Rådmannen har delegert det operative leiaransvaret for arkivtenesta i kommunen til arkivleiar. Arkivleiar har fullmakt til å føre tilsyn med arkivarbeidet i kommunen og er faglig overordna arkivpersonalet rundt om i kommunen sine avdelingar og sektorar. Arkivleiar rapporterer til rådmannen (administrasjonssjefen.).

Arkivleiar er leiar for arkivtenesta og skal gi rettleiing og føre tilsyn med arkivdanning og arkivoppbevaring i kommunen. Arkivleiar skal:

- halde seg oppdatert om den faglige og teknologiske utviklinga på arkivsektoren, og om endringar i lover og regelverk for offentlige arkiver.
- gi faglig rettleiing til arkivpersonalet og syte for at arkivmedarbeidar får tilbod om å utvikle sin faglige kompetanse og holde seg oppdatert om den faglige utviklinga.
- tas med på råd når kommunen skal tilsette medarbeidarar i arkivtenesta og gi nyttilsette nødvendig opplæring.
- rapportere til leiinga i kommunen om verksemda til arkivtenesta og legge fram forslag om tiltak som skal heve kvaliteten på arkivarbeidet.
- utarbeide verksemdsplanar for arkivtenesta

- føre tilsyn med at arkivarbeidet skjer i samsvar med reglene i arkivplanen.
- føre kontroll med at arkiva i kommunen er forsvarlig oppbevart og sikra
- ta initiativ til oppdatering og utvikling av konkrete rutinar og instruksar for arkivtenesta i kommunen.
- takast med på råd når kommunen skal velja edb-baserte sak-/arkivsystem og fagsystem, og ved innkjøp av arkivmaterieil, papir og skrivereiskap.
- få høve til å uttale seg om dei arkivmessige konsekvensane av planlagde omorganiseringane i kommunen.
- systemansvar for sak/arkivsystem

Ansvar for oppretting og ajourføring av arkivplan for Ål kommune.
Arkivleiar sine oppgåver skal elles følgje forskriftene i Arkivlova

2.2.4 ARKIVTENESTA SITT ANSVAR

I arkivforskrifta, § 2-1, blir det fastslege følgjande om organisering av arkivarbeidet:

"Arkivarbeidet i eit offentleg organ skal som hovudregel utførast av ei eiga eining, ei arkivteneste, under dagleg leiing av ein arkivansvarleg. Arkivtenesta skal vere felles for organet. Dersom ikkje særlege omsyn tilseier noko anna, skal ho vere underlagd den administrasjonseininga som har ansvaret for organets fellessaker."

Arkivtenesta i kommunen er organisert som ein *sentralisert* arkivteneste, **sekretariatet**, med enkelte desentraliserte fagarkiv. Personale som arbeider med postregistrering og andre arkivoppgåver, er knytt til arkivtenesta. *Arkivleiar* er fagleg leiar for kommunens arkivteneste og faglig overordna for arkivpersonalet i alle kommunale einingar.

Arkivtenesta si hovudoppgåve er å kvalitetssikre dokumentasjonen av verksemda i kommunen. Arkivtenesta skal:

- registrere inngåande brev og andre førespurnader utanfrå og kontrollerer at dei blir svara på (journalføring og restansekontroll)
- sikre at arkivet kan dokumenterer saka sitt opphav (inngåande skriv), sakshandsamingsprosessen (interne dokumenter, kommentarar, utgreiingar, osv.) og resultatet av handsaminga (vedtak, avtaler, kopi av utgåande skriv, oppfølging)
- syte for systematikk og samanheng i arkivet, slik at de kan fungere som ei informasjonskjelde og informasjonssystem for administrasjonen og sakshandsamare.
- vere godt registrert og sikkert lagra som rettslig og forvaltningsmessig dokumentasjon og som arkivkjelder for ettertida
- syte for at det vert teke vare på dokumentasjon av arkivrutinar, arkivsystem og informasjonskjelder på ein trygg måte
- vere ein oppdatert og lett tilgjengeleg infobase for sakshandsamar og offentleg innsyn
- kvalitetssikre informasjon overfor kommunen sine innbyggjarar
- rettstryggleik og likebehandling
- vere med å gjere den kommunale sakshandsaminga effektiv
- sikre god informasjonsflyt i organisasjonen

Dette femner om all dokumentasjon, både eigenproduserte og det som blir motteke, papirdokument, elektronisk dokumentasjon, foto, filmar, videoar og band.

Dei arkivansvarlege har det daglige ansvaret for at posthandsaming og arkivlegging skjer i samsvar med reglene i arkivforskrifta og kommunen sin arkivplan.

2.2.5. AVDELINGANE SITT ANSVAR.

Avdelingsleiarane er delegert det administrative ansvaret for dei aktive spesialarkiva som er i deira avdeling.

Avdelingsleiaren for dei avdelingane som har spesialarkiv i si avdeling skal peike ut ein arkivansvarleg i avdelinga. Denne er arkivfagleg underordna arkivleiar, og skal sjå til at avdelinga fylgjer dei retningsliner og rutinar som gjeld for arkivarbeidet i kommunen.

Arkivansvarlege i avdelingar som har underordna institusjonar eller avdelingar, er arkivfagleg overordna desse. Dei arkivansvarlig i avdelingane kan finne fram og setja materiell i arkivdepotet (fjernarkivet) etter samråd med arkivleiar.

2.2.6 ARKIVDEPOTET SITT ANSVAR

Kommunen er forplikta etter arkivlova til å ta vare på arkiva sine og det skal vera tilgjenge for innsyn i samtid og ettertid. Dette gjeld eldre og avslutta arkiv, både papirbaserte og elektroniske. Minimumskrava til arkivdepotet er at det faste ansvaret for eldre og avslutta arkiv blir plassert på ein stad, og at ein har dei nødvendige lokala for å ta vare på arkiva. og at det vert etablert rutinar for å følgje krava i arkivforskrifta. Kommunar og fylkeskommunar kan overføre depotansvaret til ein interkommunal depotordning. Ål har valt å ta vare på arkivet sitt sjølv.

Depottenesta er ansvarleg for handsaming av søknader om innsyn i eldre og avslutta arkiv. For innsyn i nyare arkiv, sjå pt 4.2 Eksternt innsyn i arkiv.

Ansvaret for depottenesta, medrekna vedlikehald av systematikk og orden i depotarkivet, ligg hjå leiaren for arkivtenesta, som er *arkivleiar*. Rutinar for avlevering til depotet er teke inn som eige pkt i arkivplanen.

Dei mest sensitive personregistra skal leveras depotet seinast 10 år etter at dei er teke ut av bruk. Det leverte materialet skal vera listeført, slik at det går fram kva personar materialet omfattar.

2.2.7 HANDSAMINGSANSVARLEG ETTER PERSONOPPLYSNINGSLOVA

I personopplysningslova § 33 er det fastsett konsesjonsplikt for personregistra som inneheld sensitive personopplysningar. Fleire unntaksregler gjer at det for ei kommune er svært få edb-system eller papirregister som treng konsesjon. Mogelege planregister med sensitive personopplysningar må kommunen ha konsesjon for. Dei langt fleste elektroniske systema med personopplysningar og papirbaserte sensitive personregister i ei kommunen berre er meldepliktige. Med meldeplikt meines det at Datatilsynet får melding om rutinar og ansvar knytt til bruken av personopplysningane. Meldeplikt vil elles omfatte sensitive personregister som tidlegare var unnateke konsesjonsplikt, t d pasientjournalar.

Den "handsamingsansvarlege" er den som har avgjerdsrett over personopplysningane, som avgjer føremålet med behandlinga og kva hjelpemidlar som skal nyttas for å nå føremålet.

Det daglege handsamingsansvaret kan i ei kommune delegerast til eit underliggende sektor, skule eller helseinstitusjon. Leiaren i dette underliggende organet får dermed eit sjølvstendig ansvar for at personopplysningslova sine reglar blir følgd. Om konsesjonsføresetnadane endrar seg, er det desse sitt ansvar å søkje Datatilsynet om nye konsesjonar.

Personregistra er ein del av kommunen sitt arkiv, og dei retningsliner og rutinar som er fastsett i denne arkivplanen gjeld også for dei.

Kommuneleiinga kan likevel ikkje fråskrive seg sitt "rettslege" handsamingsansvar ved delegering. Ved ev brot på lova er det kommunen ved ordføraren, som er rettsleg ansvarleg og som kan bli saksøkt og ha eit straffeansvar.

2.2.8 ANDRE SITT MYNDE

Kulturdepartementet er fagdepartement på arkivområdet og gjev utfyllande retningsliner om journalsystem, arkivnøklar, arkivinstruksar, dokumentkvalitet, kassasjon, avlevering m.m. jf arkivlova § 12.

Riksarkivaren er utøvande faginstans og har eit lovpålagt rettleiings- og tilsynsansvar for arkivarbeidet i offentlege organ jf arkivlova § 7.

Riksarkivaren kan fastsette at kommunale arkiv skal avleveras til statlege arkivverk, dersom dette er nødvendig for å sikre arkiver, jf arkivlova § 10.

Riksarkivaren kan vidare krevje refusjon for meirkostnader som følgje av at offentlege arkiv ikkje er teke hand om i samsvar med gjeldande forskrifter, jf arkivlova § 11.

Datatilsynet er ombod, konsesjonsgivar, kontrollorgan og rettleiar i spørsmål om bruk av personopplysningar og oppretting av personregister i private og offentlege verksemder.

I Datatilsynet sine konsesjonar er det m a gjeve reglar for kva for opplysningar personregisteret lovleg kan innehalde, korleis opplysningane kan innhentas, om utlevering, oppbevaring, lagring, sikring, sletting og avlevering til godkjent arkivinstitusjon.

2.2.9 ARKIV

Alle saksdokument som er gjenstand for sakshandsaming og som har verdi som dokumentasjon skal arkiverast. Arkivtenesta skal som hovudregel vere felles for verksemnda.

Blir det omorganisering i kommunen som er så omfattande at til dømes verksemder/seksjonar vert slege saman, skal gamle arkiv ikkje blandast saman med dei nye arkiva. Dei gamle arkiva skal verte avslutta og sett bort. Aktive saker kan verte overført til dei nye enkeltarkiva.

Dei arkivnøklane som har vore nytta skal oppbevarast i saman med dei avslutta arkiva.

2.2.10 ARKIVSERIAR OG ARKIVDELAR.

Kommunen nyttar pr dags dato følgjande arkivnøkkel og arkivordningssystem:

- K-Koder, versjon 2003. Denne nøkkelen skal brukast til å registrere emnekode i journalar, og oppstilling av saksarkiva i kommunen.
- Serieordning etter gards- og bruksnummer vert brukt til registrering av objektkode i journalar og reguleringsplanar etter fortløpande nummer ved teknisk etat og landbruksavdelinga.
- Serieordning etter fødselsdato (dd.mm.åå) blir brukt til registrering av objektkode i journalar og til oppstilling av personalarkiv, spesialarkiv for sjukeheimen, PPT, sosialkontor og barnevern.

- Serieordning etter etternamn/fornamn (alfabetisk) blir nytta til registrering av objektkode i journalar og til oppstilling av elevarkiv
- Serieordning etter bustadadresse vert nytta ved oppstilling av kommunale husvere (i ringperm).
- Serieordning etter dato til ordning i kopibøker.
- Serieordning etter saksnummer til ordning i møte- og vedtaksbøker.

Andre ordningssystem kan berre takast i bruk etter godkjenning frå arkivleiar. Under pkt 5.5 er det ein meir detaljert oversikt over arkivdelar for Ål kommune.

2.2.11 SAK – ORGANISERING I SAKSMAPPER

Ei sak oppstår som følgje av til dømes brev til kommunen, telefon, besøk eller internt. Arkivsaka vil omfatte eit eller fleire dokument eller vedtak som følgje av initiativ og som har ein logisk samanheng.

I NOARK-4 kan ei sak (arkivsak) vere sett saman av fleire journalpostar (info om dokument). Ein journalpost skal alltid høyre saman med ei sak.

Ei utvalssak er ein del av ei arkivsak. Arkivsaka inneheld alle dokument som er registrert, medan ei utvalssak berre er ein journalpost/dokument. I dei fleste tilfelle er utvalssaka berre ein del av dokumenta i ei arkivsak.

Det er ei samlesak når ei arkivsak omfattar fleire saker i same sak.

Ål kommune nyttar samlesak i nokre tilfelle, til dømes for tomtesøknad for kvart tomteområde, utlysing av ledige stilling i barnehage/sfo/skule – pleie/omsorg, oppseiing av stillingar.

Ei sak skal vere tilgjengeleg i sin heilskap enten i papirbasert eller elektronisk form.

Dokumenta i ei sak skal arkiverast samla og leggst anten i saksarkivet eller i spesialarkivet. Ei sak kan vera arkivert i vanlege saksmapper, dossiermapper og prosjekt.

- Ei vanleg saksmappe inneheld dokument som hører til i *ei* sak. Slike mapper finnes i hovudsak i saksarkivet og skal vera ordna etter arkivsaksnummer og sakstittel. I sak/arkiv systemet ska desse sakene identifiserast med arkivsaksnummer.
- Ei dossiermappe samlar *fleire saker* om det same objekt (eigedommar, personar) og dokumenterar eit forhold som strekkjer seg over lenger tid (eigdomsforhold, tilsettingsforhold). Slike mapper finn ein særleg i spesialarkiv, men kan og finnast i saksarkivet. I sak/arkivsystemet blir slike mappe identifisert ved hjelp av objektkoder.
- Eit prosjekt er eit overordna nivå som samlar fleire vanlege saker. Dokumentasjonen er knytt til gjennomføring av eit arbeid og kan vera ordna som fleire vanlege saksmapper – slik at prosjektet berre er å finne som ein logisk struktur i sak/arkivsystemet, eller samla til eit fysisk prosjektarkiv.

2.2.12 KRAV TIL JOURNAL OG ARKIVSYSTEM

Kommunen brukar eit felles edb-bassert sak-/arkivsystem, K2000, til journalføring. administrativ og politisk sakshandsaming i kommuneadministrasjonen. Saksdokumenta vert arkivert på papir. Det edb-basserte arkivsystemet som vert nytta i kommunen skal vera godkjent av Riksarkivaren. Arkivleiar skal i samarbeid med systemansvarleg sikre at systemet er installert på ein slik måte at det tilfredstiller krava i KOARK /NOARK-standarden, på ein slik måte at opplysningar ikkje kan gjerast tilgjengeleg for uvedkomande og at berre autoriserte brukarar har tilgjenge til systemet.

Dokumentasjon av systemet og tilgjenge til systemet skal bevarast. Kommunen brukar og særskilde edb-basserte fagsystem til sakshandsaming på enkelte fagområde, t.d. på helse- og sosialsektoren. Desse fagsystema skal ha programvare for journalføring som tilfredsstiller krava til journalinnhald. Saksdokument som vert handsama eller produsert av desse systema skal bevarast på papir, jf. arkivforskrifta § 2-14, fyrste ledd.

2.2.13 ARKIVSKAPAR OG JOURNALEINING

Ein arkivskapar er ei administrativ eining som har eit eige arkiv, og som tar imot og sender ut post. Dei dokumenta som gjeld saker i kommunen sin verksemd vert eit arkiv.

Ei journaleining er i NOARK – 4 definert som "en organisatorisk enhet som står for journalføring og annen virksomhet knyttet til arkivsystemet og arkivfunksjonen til et organ med edb-basert sak/arkivsystem" Ei journaleining er som regel også arkivskapar.

I denne arkivplanen for Ål kommune vert nemninga arkivskapar nytta for alle einingar som har eige arkiv. Nemninga journaleining vert nytta for arkivskapar som nyttar edb-basert sak-/arkiv- eller fagsystem.

Sentralarkivet skal dokumentere den politiske og administrative sakshandsaminga i Ål kommune. Kommunen har definert seg som eit organ og difor skal det berre vere ei postliste for kommunen. Arkivdelar, til dømes L12 reguleringsplan og personalarkivet kan vere plassert ein annan stad enn saksarkivet då med ein eigen objektkode. Eit oversyn over arkivdelar er gjeve i kap. 5.5 i arkivoversikt.

Oversikt over arkivskaparar i kommunen.

Arkivskapar	Dokumentasjon i arkivet	Merknad
Sekretariatet/fellesarkiv (Oppvekstsektor, kultursektor, næringsavd., økonomiavd, personal.)	All sakshandsaming i Ål kommune Med unnatak av visse konsesjonspliktige personregister	Journaleining sak/arkiv
Sosialtenester	Klientsaker etter sosialtenestelova	Journaleining fagsystem
Barnevern tenester	Klientsaker etter lov om barnevern	Journaleining fagsystem
Helseavdeling	Primærhelseteneste etter kommunehelselova	Journaleining fagsystem
Pleie/omsorgstenesta	Sosial- og kommunelova	Journalføring i fagsystem.
Grunnskule – Nedre-Ål, Leveld, Sando, Skattebøl og Torpo og Ål Ungdomsskule	Administrasjon av skulen, undervisning etter grunnskulelova	Journaleinings sak/arkiv
Barnehage – Nordbygdane, Sando, Skattebøl, Sundre og Torpo	Administrasjon av barnehage, opphald i barnehagen	Journaleining sak/arkiv
Teknisk/næringsavd	Eigedomsarkiv, gardsarkiv	Journaleining sak/arkiv



3. LOVER OG REGELVERK

- *klikk* på kvar enkelt lov eller forskrift for å sjå teksten.

3.1. LOVERK

Lover og retningsliner som har innverknad på kommunen sine arkiv:

Arkivlova

Kommunelova

Forvaltningslova

Offentlegheitslova

Personopplysingslova

Pliktavleveringslova

Særlover, for eksempel rekneskapslova, plan og bygningslova

3.2 FORSKRIFTER OG INSTRUKSAR.

Arkivforskrifta (forskrift om offentlege arkiv 11.des. 1998 nr 1193)

Forskrift til forvaltningslova

Forskrift til personalopplysningslova (15.des. 2000 nr 1265)

Forskrift for pasientjournalar

Forskrift om delegering av mynde

Forskrift om edb-materiale og offentlegheit

Forskrift om Riksarkivaren sine bestemmelser (1.des. 1999, nr 1566)

3.2.1 RIKSARKIVAREN SINE FØRESEGNER.

Elektroniske arkivformat.

Arkivforskrifta krev at arkivplanen skal innehalde dokumentasjon av edb-baserte arkivsystem, jf. §§ 2-5 og 2-24.

Saksdokument i elektroniske arkiv skal lagras i godkjente arkivformat, dersom dei ikkje blir skrivne ut på papir. Godkjente arkivformat er for tida (jf. aksepterte format i elektroniske dokument i ”Bestemmelser om elektroniske arkivmateriale som avleveres eller overføres som depositum til arkivverket”):

- Rein tekst – ISO 8859-1: 1998, Latin-1
- TIFF – *Tag Image File Format*, alternativt som:
 - 1) TIFF, versjon 6 (Aldus/Adobe, 1992), som ”multiple page” eller ”single page”, eller:
 - 2) ISO-versjonen TIFF/IT – ISO 12639: 1998.
- SGML – ISO 8879: 1986: *Standard Generalized Markup Language*, herunder subset-formatane HTML og XML
- PDF – *Portable Dokument Format*. Elektroniske journalsystem, databaser og fagsystem skal ha eksportfunksjoner som sikrar at dei kan avleveras til arkivdepot i samsvar med forskrifter fastsett av Riksarkivaren. Uttrekk frå Koark-baserte journalsystem skal takas i samsvar med spesifikasjonane i Noark-3 (1994), kapittel 15.5.1, alternativ 1, - likevel med den endring at mediet skal vera CD-R, og ikkje magnetband.

Elektroniske lagringseiningar.

I Arkivforskrifta §§ 2-13 og 2-14 er det fastsett at elektroniske arkiv skal oppbevarast på lagringsmedia som er godkjent av Riksarkivaren, og at ein brukar system og rutinar som sikrar autentisiteten og integriteten til materialet.

Aktivt elektronisk arkiv vert lagra på harddiskar, og det skal dagleg takast sikkerheitskopiar på elektroniske lagringsmedium (t eks magnetband). Desse skal bevaras fysisk skilt frå dei operative lagringseiningane (jf. arkivforskrifta § 2-10). Elektroniske arkiv skal kopieras over på nye lagringseiningar når levetida til mediet eller overgang til nye format krev det. Ved avlevering til depot skal kommunen bruke lagringsmedia som er godkjent av Riksarkivaren, for tida CD-R (74 min).

Godkjente papir og pennar

Papirkvalitetar som Riksarkivet pr i dag har godkjent – *klikk her*.

Kulepennar som fyller krava - *klikk her*.

3.2.2. KVA ER KOARK-STANDARD /NOARK- 4 STANDARD

Riksarkivaren fastset standarden gjennom KOARK og NOARK-standarden. Dette er kravspesifikasjonar for arkivsystema i offentleg forvaltning. Spesifikasjonane oppgjev krav til systemet sitt *informasjonsinnhald* (kva for opplysningar som skal kunne registrerast og finnast att), *datastruktur* (utforminga av dei enkelte dataelementa og forholda til dei) og *funksjonalitet* (kva for funksjonar systemet skal ivareta. Unntaksvis vert det og stilt krav til *brukergrensesnitt* (korleis systema skal kommunisere med brukarar),

KOARK er ein standard for edb-bassert sak-/arkivsystem i kommunal og fylkeskommunal forvaltning. Namnet KOARK er avleida frå NOARK (Norsk arkivsystem), som er ein innarbeidd standard for statlege journal- og arkivsystem. KOARK er å sjå på som ein kommunal variant av NOARK-standarden, men går ut over denne ved utarbeidde spesifikasjonar for edb-basserte støttesystem knytt opp mot saksgangen i politiske organ. KOARK-standardens følgjer krav til edb-baserte journal-/sak-/arkivsystem som er gjeve i gjeldande regelverk og som er teke inn i forskrift til arkivloven. KOARK-standardens byggjer på dei grunnleggjande reglane i kommunelova om sakshandsaming i folkevalte organ (utvalshandsaminga), krav til arbeidsform (møteprinsipp, møteinnkalling, sakliste, møteprotokoll).

NOARK-4 er ei vidareføring av den statlege NOARK-standardens som er kome i ny versjon. Den vidarefører og spesifiserer dei i KOARK. Den står fram som ein oppdatert og modernisert utgåve av tidlegare Noark-3 og KOARK. Det er mykje ny funksjonalitet i Noark-4, og på mange områder meir systematisk gjennomført enn tidlegare. Meir bruk av e-post har gjort det til ei sentral oppgåve for Noark-4 å legge forholda til rette for å fange opp og arkivere e-postmeldingar som utgjer eller inneheld saksdokument for forvaltninga.

Sakarkivsystemet me brukar no følgjer KOARK-standardens.

Ved oppgradering til nyare versjonar eller innføring av nye system, vil NOARK-4 standardens overta meir og meir.

3.3. EIGNE INSTRUKSAR OG RUTINAR

Sjå eiga vedlegg – Rutinehandbok for Ål kommune, for meir detaljerte rutinar for dei ulike sektorane.

3.3.1 INNLEIING – RUTINAR FOR POST/ARKIV

All post til kommunen med unntak av ytre verksemd (skular og barnehagar) vert levert til Sekretariatet rundt kl. 10.30 – 11.00 kvar dag. Posten vert først sortert sektorvis. Deretter blir saksposten ført inn i K2000 og oversendt sektoren til fordeling blant sakshandsamarane. Informasjonspost (ikkje arkivverdige dokument) kan leggest direkte i postkassa til aktuelle sakshandsamarar.

Eksempel på eit dokument er: *inn- eller utgåande brev, notat, adm. vedtak, elektronisk post, foto, lydband eller eit saksframlegg*, Arkivlova § 2.

Dokumenta vert automatisk tildelt eit fortløpande dokumentnummer ved journalføring.

3.3.2 ARKIVVERDIGE DOKUMENT

Eit arkivverdig dokument er eit inn- eller utgåande dokument/brev eller internt notat som på grunn av innhaldet er viktig for å ta vare på for seinare. Dette gjeld for dokument som inneheld opplysningar som er viktig for verksemda til dømes nødvendig journalføring etter

- diverse lovverk
- økonomiske forhold,
- forvaltning,
- klientsaker, dokument vedr sakshandsaming i klientforhold
- personell,
- driftsoppgåver
- andre forhold som krev handling (aktivitet/saksgang) og elles kan vere av historisk interesse i eit samfunnsperspektiv.

Dokument som fører til sakshandsaming, eller er naudsynte vedlegg til ei sak, skal arkiverast.


3.3.3 IKKJE ARKIVVERDIGE DOKUMENT.

- Reklamemateriell, brosjyrar
- Trykksaker og andre trykte skrifter, stortingsdokument (meldingar), offentlege rapportar (utgjevar skal oppbevare eit eksemplar, arkiveksemplar).
- Dokument som berre har interesse akkurat no, til dømes interne meldingar som ikkje har verdi for sakshandsaming og seinare dokumentasjon.
- Innkalling til eksterne møter og kurs
- Dokumenter som er utan verdi for sakshandsamar og seinare dokumentasjon
- Post som berre er til informasjon og ikkje fører til sakshandsaming.
- Sjukemeldingar, skjema for søknad om permisjon og liknande.
- Eksterne møteprotokollar blir satt inn i ringpermar i sekretariatet.

3.3.4 REGISTRERING AV INNGÅANDE POST

Lær om dokumentet sin veg gjennom kommunen

Klikk på det du vil vite meir om! (funksjon som vil koma)



Alle arkivverdige inngående og utgåande dokumenter skal registrerast i sakarkivet sin database.

Dokument vert stempla med raudt stempel og påførast arkivsaksnummer, løpenr, avdeling, sakshandsamar, ev kopimottakar, arkivkode og eller objektkode og dato.

Det er viktig å søke i databasen for å finne om det er ei tidlegare sak på det same, for å knytte dokumenta saman med den tidlegare saka.

Er det ikkje tidlegare oppretta sak, må det opprettast ny sak og samstundes lage eit nytt saksomslag. Dokument nr. 2 vert lagt direkte til sakshandsamar.

Det er arkivpersonalet som skal påføre sakshandsamar. Er arkivpersonalet i tvil, skal dei kontakte leiar av avdelinga slik at sakshandsamar alltid er påført før saka blir levert frå arkivet. Ved feil sakshandsamar eller skifte av sakshandsamar er det alltid viktig at det vert endra på saka i databasen.

Det er alltid den som står som sakshandsamar som er ansvarleg for saka.

Er saka avslutta og det kjem til nytt dokument, må arkivpersonalet hente saka i arkivet og opne den (fjerne A for avslutta i databasen) slik at sakshandsamar kan fortsette på saka.

Saksmappe og det nye dokumentet går til sakshandsamar

Når ei sak er ferdig skal den merkas avslutta og leveras arkivtenesta. Det er sakshandsamar som er ansvarleg for at registrerte (journalførte) dokument ligg i saka og at mappa er rydda for dokument som ikkje skal vere der. Sakshandsamar tek ut ei dokumentliste og legg i saksmappe før avlevering.

Er ikkje saka avslutta, kan sakshandsamar ha den på sitt kontor til den er ferdig, med mindre det vil ta lang tid før avslutning og sakshandsamar ynskjer å ha mappa i sentralarkivet.

Er det påført A, for avslutta sak, er det arkivpersonalet som har ansvaret for saksmappe. Det er berre saker som er ferdig og avslutta som skal til sekretariatet.

Er det dokument i saka som ikkje skal registrerast men som sakshandsamar ønskjer skal ligge på saka, kan dette bli liggande mappa.

Sekretariatet kontrollerer at alle saksdokument er på plass før saka blir arkivlagt.

3.3.5 UTLÅN AV DOKUMENT/SAK INTERNT

Utlån av saksdokument skal alltid skje gjennom arkivtenesta.

Sakshandsamar må kontakte arkivpersonalet/sekretariatet for å låne ei sak. Det er berre heile saka som kan lånast ut, ikkje eit enkelt dokument. Det er høve til å ta ein kopi av enkeltdokument som så kan leverast ut.

Utlånet skal registreras i K2000 sitt utlånssystem.

Er det saker/dokument som ikkje blir registrert i K2000 systemet, skal det leggas ei melding i arkivet om kven som har lånt saka og dato for utlån, eller bruke utlånskort. Utlånsfristen vert sett til 4 veker. Krev sakshandsaminga at utlånstida blir lenger, må arkivtenesta få melding om det. Hugs å merke av når saka er levert attende.

For arkiva på gnr. bnr. på landbruk og i teknisk sektor gjeld dei same reglane for utlån.

Sakshandsamar skal leggje eit utlånskort merka med namn på sakshandsamar, gnr. bnr og dato for utlån. Det er den som låner saka som er ansvarleg for ho inntil utlånt vert avskrive som tilbakelevert i arkivet. Lånaren må passe på at ingen dokument vert fjerna eller lagt til i andre mapper. Det er ikkje lov å for sakshandsamar å låne ut saka vidare til ein annan sakshandsamar.

Arkivansvarlege skal skrive ut utlånsliste 2 gonger årleg for å skaffe seg eit oversyn over arkivmateriale som mellombels er utanfor arkivet og purre på dei sakshandsamarane som har overskride fristen.

3.3.6 POST SOM SKAL HANDSAMAST SÆRSKILT.

Verdipost - post som inneheld kontantar, sjekkar og liknande. Slik post skal opnast og registrerast i eige bok og underteiknast av to personar eller vert levert til økonomikontoret. Sjukeheimen skal ha si eige bok til verdipost.

Anbod og liknande – post merka slik skal ikkje opnast, men stemplast med datostempel på konvolutten. Tilbodsdokumentet skal så leverast til den avdeling som har lyst ut anbodet, som skriv på nummer fortløpande og handsamast etter dei reglar som gjeld for slikt.

Beredskapssaker som er unnateke offentlegheit etter ”*sikkerhetsinnstruks*” skal først på eigen liste. Dokumenta vert plassert i eige brannsikert skåp.

Førehandsrøyster – motteke frå andre kommunar og utlandet, ved kommunestyre- og fylkestingsval og stortingsval, skal leverast uopna til sekretær for valstyret som registrerar mottaket inn i det elektroniske valsystemet.

Brev frå sjukehus og andre helseinstitusjonar, **skal leveras den enkelte avdeling uopna.**

Rekommanderte brev eller konvoluttar påført ”Konfidensiell” adressert til skolekontoret, **skal leveras skulesjefen uopna.**

3.3.7 RUTINAR PERSONALSAKER

Personalarkivet er ein utskilt del av sentralarkivet. Det inneheld 1 mappe pr medarbeidar sortert etter fødselsnummer. Arkivet inneheld all dokumentasjon med omsyn til lønn, pensjon og ansiennitet. Innkomne søknader på ledige stillingar og melding om tilsetting, skal føras i K2000 Andre forhold som har innverknad på pensjon, ansiennitet og lønn skal og først her. Saker til politisk handsaming i AMU og ADM skal til arkivet i sekretariatet. Kopi av vedtak som gjeld enkeltpersonar skal ligge i personalmappa.

I ei arkivsak på arkivkode 411 og 412 vert, vert arkivkoden endra til fødselsnummer på den som har motteke ei stilling.

Svangerskapspermisjonar som er skrive på eige skjema skal ikkje registrerast. Skjemaet vert levert direkte til personalkontoret.

Sjukemeldingar vert sendt direkte til lønningskontoret utan å først i K2000.

Ved søknad om overføring av ferie vert søknaden sendt direkte til lønningskontoret utan å først inn i K2000.

Skjema for søknad om permisjon (1 – 2 dagar) og fråversregistrering blir levert avdelingsleiar for særskilt registrering. Søknad om permisjon over lenger tid, skal registreras som vanleg inngåande brev i K2000 med svar på same måte som andre utgåande brev. Sektorane beheld kopi av personalmeldingar/mapper etter behov.

3.3.8 BREVKOPI

Det skal takast 2 brevkopiar av alle utgåande brev som er knytt til ei sak. Sakshandsamar legg 1 kopi i saksmappa og 1 kopi skal setjast i brevkopipermen. Det skal vere ein ringperm i kvar avdeling til brevkopi. Når året er omme skal kopiboka bli levert arkivleiar til innbinding og bortsetting i arkivet. Ved sending av eit utgåande dokument, skal sakshandsamar låse dokumentet, ved å erstatte K med L i statusfeltet, slik at dette ikkje kan endrast på i ettertid. Sosialkontoret har eigen brevkopi som dei oppbevarar sjølve. Kopiboka skal bindast inn og avleverast depotet etter nærare avtale med arkivleiar.

3.3.9 TELEFAKS

Ved mottak av telefaks til Ål kommune, skal sekretariatet straks gje melding på e-post eller over telefon til vedkomande mottakar om at faksen er kome inn. Personalet ved sekretariatet skal vurdere om faksen er infopost eller sakspost. Er det sakspost, skal den først i K2000 før den vert levert ut. Det er då greitt å lata sakshandsamar i fyrste omgang få ein kopi av faksen inntil den er registrert. Dersom saksdokument blir ettersendt i original, kan ein kaste kopi eller utskrift av dokumentet, (jf. Arkivlova Kap. 3a §3-3)

Ved sending av faks skal sekretariatet straks gje melding til sendar dersom faksen ikkje er gått igjennom til mottakar (feilsending). Kvitteing for motteken sending skal leverast den som sendte faksen.



3.3.10 E-POST – INN- OG UT

Ål kommune har oppretta eit sentralt e-postmottak. Denne posten skal først på lik line med anna motteken sakspost. E-posten skal skrivas ut på papir og registreras i K2000 dersom den er av verdi for ei sak eller liknande. Sakshandsamar som mottek e-post på si eiga adresse, som gjeld sakshandsaming eller andre aktuelle tema, pliktar straks å gje kopi av saksposten til sekretariatet for registrering. Dersom saksdokument blir ettersendt i original, kan ein kaste kopi eller utskrift av dokumentet, (jf. Arkivlova Kap. 3a §3-3)

Utgåande e-post (t eks svar på innkomne), skal registrerast som eit utgåande brev, om svaret er av verdi for saka.

3.3.11 RUNDSKRIV

Eigenproduserte rundskriv skal alltid først i K2000 jf § 3-19 1 a i arkivforskrifta.

Eksterne rundskriv som ikkje er underlagt sakshandsaming skal ikkje journalførast jf § 3-19,1 i forskrifta. Mottakar tek vare på rundskrivet i ein ringperm og kan kastas når det blir uaktuelt. Rundskriv frå departement, KS og andre er tilgjengeleg på internett, Odin.

3.3.12 HØYRING

Alle høyringsbrev som kjem inn til kommunen frå ulike instansar vert registrert og ført med saksnummer og K-Kode som andre innkomne dokument av sekretariatet.

3.3.13 PRESSEMELDINGAR

Desse vert sett i ringperm i sekretariatet

3.3.14. REKNINGAR/FAKTURAER

Rekningar skal påførast mottattdato og leverast til attestasjon/tilvising i einingane. Deretter umiddelbart til økonomiavdelinga.

3.3.15 REFERERAST I UTVAL

Dokument som skal refererast i utval må påførast (på dokumentregistreringa) refererast utval, i tillegg kva for utval det gjeld. Det er oppretta eit felles saksnummer (ref.utval) som sak for dette. Kopi av dokument i eigen perm i sekretariatet. Er det ei eigen sak på dokumentet som skal refererast kan ein berre gå på dokumentregistreringa å skrive direkte der kva for utval dokumentet skal refererast i.

3.3.16 POSTLISTE

Kommunen gjev innsyn i postjournalen etter reglane i offentlegheitslova §§ 5 og 6.

Offentleg postliste vert kvar dag lagt ut på nettet etter godkjenning.

Den offentleg postliste vert arkivert fortløpande i ringperm i sekretariatet.

Intern postliste (alle dokumentregistreringar, også unnateke off.) vert skrive ut kvart kvartal, binde inn og sett i arkivdepotet.

Administrative einingar som ikkje er knytt til det edb-basserte sak-/arkivsystemet og som fører manuell journal, skal følgje reglane i arkivforskrifta § 2-7, andre ledd:

” Er det ikkje mogeleg å registrere eit dokument utan å røpe opplysningar som er undergitt lovheimla teieplikt, eller som ålmenta elles kan krevje, kan nyttast nøytrale kjenneteikn, utelatingar eller overstrykinga på den kopien eller utskrifta av journalen som allmenta kan krevje innsyn i. Heil utstryking av ei innføring kan berre nyttast dersom det er nødvendig for ikkje å røpe opplysningar som er undergitt lovheimla teieplikt ”

3.3.17 FORFALLSKONTROLL

Kvar annan veke skal sekretariatet produsere ei liste over dokument med forfallsdato påfølgjande veke, og gje melding til sakshandsamar.

3.3.18 OBS-liste

Vil koma seinare.

3.3.19 RESTANSELISTEKONTROLL

Restansekontroll vil seie at sekretariatet/arkivet skal skrive ut restanselister over alle registrerte brev som ikkje er avskrivi. Dette for å få eit totaloversyn over dei dokumenta som ikkje er ferdig handsama i kommunen, og at sakshandsamar skal ha oversyn over sine ubehandla dokument. Sekretariatet skal 4 gonger i året skrive ut restanselister som vert levert avdelingsleiar som har ansvaret for å fylgje opp restansepostane (jf. arkivforskrifta § 3-7) Dersom nokon sluttar skal det skrivast ut ei restanseliste for vedkommande person. Det er difor viktig at arkivtenesta tidleg får melding om dette. Dette er eit leiaransvar. Restansar for sakspost skal avleverast arkivtenesta med vedlagde dokument som er avslutta. Dersom ein annan sakshandsamar skal overta dei ikkje-avslutta sakene/dokumenta skal arkivtenesta ha melding om dette.

3.3.20 GNR. BNR.

Dokument som gjeld bustad- eller landbrukseigedomar, blir ført på gnr. bnr. og skal ha dette som primærkode, men i tillegg ha ein sekundærkode i K-kode.

K-koden skal berre vise til kva saka gjeld.

Er det ei sak som gjeld sameige/fleire gnr. bnr, skal ein alltid føre saka på det lågaste gnr. bnr. og leggje ein kopi av framsida i dei andre mappene som saka gjeld. Sakstittelen på både den elektroniske og fysiske mappa skal alltid starte med Gnr/bnr.

3.3.21 REGISTRERING AV BYGGESØKNADER, DELINGSSAKER M.M.

Ål kommune har teke i bruk byggesaksmodul for registrering av byggesøknader. Når saka vert registrert er det viktig at arkivet fører på kva type byggesaker det er og at ansvarleg søkjar, heimelshaver og partar (ikkje alle naboar, men dei av naboane som har merknad til søknaden) vert påført. Berre fyrste søknaden i eit sett, andre sett skal påførast med mottatt dato. Det er viktig at både arkivet/sekretariatet og sakshandsamar fyller ut "milepel" i byggesaksmodulen slik at servicetorget kan svare spørsmål frå publikum. Sakshandsamar har ansvaret for at alle partar er ført inn i saka. Byggesakshandsamar har ansvar for at rett gebyrkode vert sett på saka.

For at sakshandsamar ikkje skal ha unødige mange saker aktive over ein lang periode vert byggesaker avslutta når byggeløyve er gjeve. Arkivpersonalet opnar saka når dei mottok oppmoding om ferdigattest.

3.3.22 KOPI AV BREV TIL KOMMUNEN

Kopi av brev til Ål kommune (originalbrev til ekstren mottakar) skal normalt ikkje registrerast i K2000, men dokumentet skal leggjast i saksmappa som ein informasjon. Dokumentet skal vera merka med Kopi.

Unnatak er når kopien av brevet er viktig for innhaldet i saka, eller at kopien av brevet vert nytta til sakshandsaming, då må brevet førast i K-2000. Dette kjem fram på den offentlege postlista for Ål kommune, og dei som ynskjer innsyn i dokumentet må ta kontakt direkte til avsendar for å få innsyn i dokumentet.

3.3.23 INN OG UTGÅANDE BREV UNNATEKE OFFENTLEGHEIT

Innkomene brev unnateke offentleg skal vere stempla med eit raut stempel – unnateke offentleg.

På saka og dokumenta skal det stå kva lovparagraf som er nytta som grunn. Det er viktig at sakshandsamar skjekkar at det er gjort korrekt, og ved feil, straks gjev melding til sekretariatet om korrigerings. Offentleg postliste vert sendt til aviser/radio kvar dag og det er viktig at sekretariatet får melding ved feil gradering.

3.3.24 POST TIL BARNEVERNSKONTORET

All post til barnevernet går uopna til barnevernkontoret. Kontoret er sjølv ansvarleg for at posten blir forsvarleg registrert og teke hand om jf regelverket.

3.3.25 POST TIL FORLIKSRADET

Post til Forlikrådet går uopna til sekretæren. Forlikrådet sine møteprotokollar og anna arkivverdige materiale skal lagrast i arkivdepot på Tingstugu. Forlikrådet blir overført til Lensmannsetaten i løpet av 2005.

3.3.26 POST TIL LEGEKONTORET

Post til legekantoret som kjem saman med post til kommunen, skal leveras uopna til legekantoret.

3.3.27 POST TIL SOSIALKONTORET

Sendast uopna til etaten/den aktuelle avdelinga.

Sakspost som skal registreras i K-2000, i retur til sekretariatet for registrering.

Dette er sosialleiar sitt ansvar. (forskr. §3-1 og §3-4).

Klient/pasientpost til einingane skal først i egne postjournalar knytt til deira fagsystem (pt Sosio)

3.3.28 POST TIL ØKONOMIKONTORET

Motteken post går til avdelinga uopna inntil vidare. Sakspost skal først i K2000.

3.3.29 JOURNALFØRING I FAGSYSTEMA OG MANUELL FØRING

Her skal det først inn rutinar for journalføring i fagsystema i organisasjonen, dersom slike finst. Det skal vere rutinar for kven som journalfører i systema og kva for system dette gjeld.

Dei einingane som ikkje er knytt til det sentrale arkivsystemet eller nokre av fagsystema skal føre papirbasert postjournal. For desse gjeld følgjande rutinar

Ansvarleg for journaleininga skal påføre motteke saksdokument eit stempel som identifiserar dokumentet og knytter det til journalen. Stempelet skal ha opplysningar om organisasjonsnamn, journalføringsdato løpenummer, saksnummer, arkivkode, sakshandsamar og gradering. I journalen skal det i tillegg først opp namn på avsendar/mottakar, dokumenttittel, sakstittel, dokumentdato, avskrivingsdato og avskrivingsmåte. Ansvarleg for journaleininga skal kontrollere om dokumentet tilhøyrer eksisterande sak og evt. knytte det til den. Eksisterer det ikkje noko sak frå før av skal arkivtenesta opprette sak. Arkivtenesta skal komme med forslag til arkivkode som sakshandsamar skal sjå til at er riktig. Arkivtenesta kjem med forslag til gradering og heimel for graderinga. Leiinga pliktar å sjå til at denne er riktig.

3.3.30 ARKIVRETTEIING FOR GRUNNSKULEN

Sjå under kap 6 - vedlegg

3.3.31 EIGENPRODUSERTE PLANER, INFO. HEFTER M. M.

Når det vert laga rapportar, planehefte og informasjonsskriv/hefter av ymse slag til bruk internt eller som info ut til publikum/innbyggjarar i kommunen, skal det alltid leverast **minst 2 eksemplar til arkivet** (eks: Beitebruksplan, omsorgsplaner, barnehageplaner, kommunen informerer, m.m.) Eit eks skal følgje saksmappa.

Det må og alltid leverast ekstra kopier av årsmeldingar, rekneskap og budsjett til arkivet Dette er viktig for historia vår baketter og kan vere til nytte for historieforskarar, ved skriving av særoppgåver og mykje anna.

3.4 RUTINAR FOR SAKSHANDSAMAR

Sakshandsamar har eit viktig medansvar for at arkivet alltid skal fungere som ein oppdatert og effektiv informasjonsbase.

Sakshandsamar er ansvarleg for at dokumenta dei arbeider med eller har arbeidd med blir arkivlagt.

Sakshandsamar skal difor :

- Kontrollere at mottekne brev er stempla og registrert av sekretariat/arkivtenesta. Det gjeld og faks og e-post. Det er ikkje lov å starte sakshandsaming av dokument som ikkje er stempla og journalført.
- Ha ansvaret for at sakspost som kjem direkte til sakshandsamar straks skal leveras til arkivtenesta for stemping og registrering.
- Ha ansvaret for at all sakspost dei skriv blir registrert. Dersom sakshandsamar registrerer og ekspederer sjølv, skal kopi av utgåande brev og interne notat leggjast i saksmappa før avlevering til sekretariatet og ein kopi setjast i kopiboka i avdelinga/sectoren. **Dette gjeld og telefaks og e-post.**
- All sakshandsaming skal skje i kommunen sitt sakarkivsystem, ev i manuell journal, eller i avdelinga sitt fagsystem.
- Saksmapper som vert levert sekretariatet/arkivtenesta for arkivlegging, skal være reinsa for dubletter, notat, gule lappar, binders, plastomslag o l .
- Sakshandsamar har ansvaret for at materiale som dei låner frå arkivet blir registrert og at materialet blir returnert i same stand som før utlånet. Utlånsfristen er 4 veker. Er det trong om å låne saka over lenger tid, må arkivtenesta få melding om dette. Det er ikkje lov til å låne ut vidare ei mappe som du sjølv har lånt. **Det utlånte materialet er lånaren sitt ansvar til mappa er levert attende til arkivet og avskrive.**

3.4.1. MOTTAK OG FORDELING AV BREV OG SAKER.

Sekretariatet skal lage ny omslagsmappe når det kjem inn dokument i ei ny sak. Mappa skal følge saka. Seinare dokument som kjem inn i same sak, blir registrert og levert sakshandsamar som syter for at dokumentet blir lagt i rett saksmappe.

Kjem det inn et nytt dokument til ei sak som sakshandsamar har avslutta og levert arkivet, må denne mappa finnast fram att og leveras sakshandsamar/avdelinga saman med det nye dokumentet til ny sakshandsamingsrunde.

Avdelingsleiar for den einskilde avdeling er ansvarleg for fordeling av sakene.

Om ei sak oppstår først på avdelinga eller anna nivå, er sakshandsamar ansvarleg for at saka blir registrert/journalført.

Sakshandsamar vurderer om saka skal handsamast politisk eller administrativt.

Kriteria for denne avgjera finn ein i hovudsak i delegasjonsreglementet

3.4.2 FØREBELS SVARBREV

Jf Forvaltningslova sin § 11a, skal forvaltningsorganet legge til rette og avgjera ei sak utan ugrunna opphald.

Henvending/søknader til kommunen skal normalt gjevast på innan 4 veker. Dersom svar ikkje kan gjevast innan denne tid, t.eks når saka krev politisk handsaming, eller av andre grunner ikkje kan handsamast innan denne fristen, skal det sendast melding om at saka er motteke, kven som er sakshandsamar og når ein kan vente svar.

Dette svarbrevet skal sendast ut seinast 2 veker etter at førespurnaden vart motteke.

3.4.3 REGISTRERING AV UTGÅANDE POST OG NOTAT.

Alle arkivverdige utgåande brev skal registrerast, enten i sak/arkivsystemet (K2000) eller i fagsystem for personsensitive saker.

Sakshandsamar kan registrere sin eigen utgåande post, samtidig avskrive inngåande brev som svara på. Arkivkode skal alltid påførast.

Originaldokument skal før utsending kopierast i 2 eksemplar, ein for arkivlegging i saksmappa og ein til kopibok. Kopiane skal være signert.

Interne notat skal registrerast når dokumenta inneheld informasjon som må reknast som vesentlege saksopplysningar. Registreringa vert kunn gjort av den som produserar dokumentet. Skal oppbevarast i fysisk arkiv på lik line med andre dokument. § 2-6 i arkivforskrifta.

Intern sakspost som vert sendt mellom einingar med edb-bassert sak/arkivsystem og manuelle journalsystem, skal alltid registrerast av begge einingane.

Sakshandsamar skal registrere interne notat, utgreiningar og framlegg til vedtak.

Kopi av interne notat skal, på lik line med kopi av utgåande brev, setjast eit eksemplar i kopibok og eit i saksarkivet.

For frankering og levering av utgåande post til postkontoret, må breva vere levert sekretariatet seinast kl. 14.30.

3.4.4 AVTALER OG KONTRAKTER

Når det blir skrivne avtaler eller kontrakter, må dei registrerast i sakarkivsystemet.

Sakshandsamar skriv avtale-/kontraktteksten rett inn, som eit eige dokument, i den saka som avtala eller kontrakten gjeld. Når avtala eller kontrakten er underskriven av baa partar, skal originaldokumentet setjast inn i avtalepermen som skal stå brannsikkert i kvelvet/arkivdepotet i Tingstugu. Kopi skal ligge i saksmappa.

Det same gjeld for avtaler eller kontrakter som kjem inn utanfrå, dei skal registrerast på saka og arkiveras i avtaleperm, med kopi i saksmappa.

Når det gjeld husleigekontrakter, vert eit underskrive eksemplar sett i ringperm og oppbevart i sekretariatet. Kan kasserast ti år etter at leigeforholdet er avslutta..

3.4.5 RYDDING I SAKSMAPPER

Det er sakshandsamars ansvar å rydde saksmappene før levering til arkiv.

Å rydde saksmappe vil si å fjerne binders, plastomslag, gule lappar, overflødige notat og ekstrakopiar.

Saksmappa skal innehalde ein fullstendig journal og dokumenta skal ligge i kronologisk rekkefølge. Saksmappa skal innehalde alt som er elektronisk registrert i saka.

Arkivansvarleg skal sjå til at dette er gjennomført og at arkivkoda og saksmappa er riktig.



3.4.6 UTVALSARBEID

Klargjering før møtehandsaming – sakshandsamar sitt ansvar.

Rydde saksmappa før den vert levert sekretariatet som har ansvar for oppsett av sakliste, dvs. fjerne kladdedokument, gule lappar og liknande.

Vedlegg skal merkast og leggest fremst, rett under klaffen på saksmappa. Andre dokument ligg inne i mappa. Finne til dokument som skal gå som meldingssaker

Gje sekretariatet liste over kven som skal ha "melding om vedtak" etter møtet i kvar enkelt sak. Dokument som er unnateke off.h. skal merkast tydeleg både i vedleggslista og på sjølve dokumentet. Om ei sak er unnateke skal sakstittelen stå på andre overskriftlinja på saka i K-2000, heimel må gå fram.

Hugs å fjerne **F** på saka i systemet.

Før **aldri** på møtedato, denne kjem opp av seg sjølv når **F** er fjerna.

Saker til politisk handsaming i sektorutvala skal leverast sekretariatet seinast torsdag, alvannan veke før utvalsmøtet.

Saker til formannskapet seinast fredag kl. 12.00, med utsending på måndag og til kommunestyret seinast onsdag ettermiddag veka før utsending.

3.5 SEKRETARIATET SINE OPPGÅVER.

3.5.1. Postsortering og registrering.

Sjå pt 3.3.1

3.5.2 Møteplan for dei politiske utvala skal setjast opp av sekretariatet i samråd med ordførar og utvalsleiarane for kvart halvår/år. Møteplanen skal godkjennast politisk.

3.5.3 Tidsfristar. Sekretariatet skal ha alle godkjente og underskrivne saker som skal opp til politisk handsaming innan den innleveringsfristen som er satt frå sekretariatet.

Alle saker skal sendast ut seinast ei veke før møtedato.

Sekretariatet set opp sakslista i samarbeid med ordførar/utvalsleiar eller ein han har gjeve mynde. Sekretariatet fjernar **K** (konsept) frå sakene som skal til handsaming.

Dersom eit utvalsmedlem melder forfall skal sekretariatet ha melding om det og snøggast mogeleg kalle inn varamedlemmer.

Sekretariatet har ansvaret for å klargjere saksdokumenta for kopiering og utsending.

Saker som er unnateke offentlegheit skal kopierast på rosa papir.

3.5.4 Etterarbeid. Møtande sekretær for eit utval er ansvarleg for at nødvendige og rette opplysningar vert ført inn under handsaming av ei sak, samt framlegg/endeleg vedtak i den elektroniske møteprotokollen. Dette kan skje i møtet, eller straks etter.

Sekretariatet er ansvarleg for det andre etterarbeidet, elektronisk og manuelt.

Sakshandsamar har ansvaret for effektivering av vedtak gjort i dei ulike organ.

3.5.5 Arkivlegging.

Saksarkivet er plassert i sekretariatet, med unnatak av gardsarkiv, eigedomsarkiv, personalarkiv og ymse klientarkiv som er plassert i ulike sektorar/avdelingar.

Det er sekretariatet som skal halde orden på saksmappene til dei blir sett i bortsettingsarkivet.

4. SIKRING

4.1. TRYGGLEIKSRUTINAR

- Alle tilsette har teieplikt etter forvaltningslova og dei særlover som kjem inn under deira arbeidsområde.
- All inngåande post skal vurderast i høve til offentlegheitslova, §§ 4-6.
- Det skal gå fram av postlista kva for lovparagraf som gjev heimel for å unntaka dokumentet frå offentlegheita.
- Den som har eit fortruleg dokument i si varetekt, er personleg ansvarleg for at opplysningane ikkje blir gjort kjende for uvedkomande.
- Sakshandsamar pliktar å sjå til at eit dokument som ligg i EDB-systemet er sikra mot innsyn og bruk frå andre enn dei som skal ha tilgang til det. Om dokumentet ikkje ligg på ei mappe, må det sikrast særskilt. Ligg dokumentet på ei sikra måte kan andre berre få tilgang ved at dei er oppførde i "adgangsliste"
- Alle plikter å setje seg inn i korleis ein sikrar sine dokument frå offentleggjering ut frå det EDB-system som kommunen nyttar til ei kvar tid.
- Utlån av fortrulege dokument frå arkiv skal berre skje til personar som har behov for dokumentet i si teneste. Det kan nyttast utlånskort der det står oppført utlansdato, kven som har lånt dokumentet og frist for attendelevering.
- Utlånskort finnes og elektronisk i K-2000.
- Om det er tvil, skal arkivpersonalet innhente godkjenning frå ansvarleg overordna før dei leverer ut dokument frå arkivet. Berre dei tilsette i sekretariatet (om det er der det ligg) skal hente ut slike dokument.
- Fysisk arkivmaterial skal oppbevarast i låsbart skåp så langt det er tenleg. Berre arkivtenesta skal ha tilgjenge til arkivskåpa. Sakshandsamarane skal ha tilgang til materiale som er nødvendig for at dei kan utføre arbeidsoppgåvene sine. Fortruleg informasjon ska berre gjevast til den som har autorisasjon for dei aktuelle opplysningane.
- Arkivskåp til daglegarkiv skal ha brannmotstandsevne A30 eller høgare.
- Arkivskåp som vert nytta til oppbevaring og bortsetting av eldre arkiv skal ha brannmotstandsevne A90 eller høgare. Slike ting skal normalt førast over til det kombinerte bortsettings- og arkivdepotet i Tingstugu.
- For oppbevaring av fotografi skal det nyttast syrefrie konvoluttar o.l. utstyr tilfredstiller Riksarkivaren sine krav til bevaring av slikt materiell.

4.2. EKSTERNT INNSYN I ARKIV

Kommunale arkiv som er skapt etter 01.01.1971 er opne for innsyn etter reglane i offentlegheitslova. Reglane gjeld ikkje for kommunale arkiv skapt før 1971, men skal likevel vera rettleiande for innsyn i desse. Etter forvaltningslova gjeld regelen om partsinnsyn, ein part i ei forvaltningssak har rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Denne retten gjeld i uavgrensa tid. Innsynsrett gjeld ikkje for opplysningar som er tillagt teieplikt etter forvaltningsklova. Teieplikta gjeld for "nokon sitt personlege forhold", tekniske innretningar og framgangsmåtar, og drifts- og forretningsforhold. som kan ha konkurransemessige

konsekvensar. Teieplikt gjeld som hovudregel i 60 år, med unntak av m.a. barnevernsaker og adopsjonssaker som har teieplikt på respektive 80 og 100 år.

Innsynsretten gjeld heller ikkje interne dokument (dokument som eit organ, eit underordna organ eller særskilte sakkunnige har utarbeidd som ein del av intern saksførebuing), opplysningar som kan få følgjer for riket sin sikkerheit, og opplysningar det ikkje er tilrådeleg at andre personar får kjennskap til med omsyn til eigen helse og forholdet til personar som står vedkomande nær (slike opplysningar kan likevel gjerast kjent for fullmektig for den det gjeld).

Eit vilkår for å få innsyn i arkiva er at brukaren identifiserar den aktuelle saka t. d. ved hjelp av arkivkatalog eller postjournal.

4.3 SENSITIVE PERSONREGISTER

Personregister, klientregister, elevarkiv, elektroniske fagsystem og andre personregister er ein del av kommunen sitt arkiv og retningslinene og rutineane som er fastsatt i denne arkivplanen gjeld også for desse. Rutinar som er fastsett i denne arkivplanen gjeld og for desse.

Arkivmedarbeidarane skal i eigenskap av sin funksjon kunne handsame slike personregister. Arkivmedarbeidarane i kommunen som handterer sensitive personopplysningar må difor ha oversikt over dei viktigaste vedtak/føresegner i Personalopplysningslova.

4.4 DEPONERING

Kommunen har ikkje avtalar med nokon IKA institusjonar om avlevering av depotmateriell. Ål kommune skal sjølv taka vare på og deponere arkivmateriell for alle sine sektorar, kontor eller institusjonar. Dette gjeld også følgjande personregister:

- sosialklientarkiv (klientarkiv til sosialkontoret)
- klientarkiv etter lov om barnevern
- arkiv over barn i barnehagar
- elevarkiv/elevmapper til skular, skulesektoren og PPT
- ymse materiell frå helsestasjonen

Andre spesielle sensitive personregister kan og takas inn for oppvaring etter eigen vurdering. Kommunen har pr i dag materiell både for overformyndieriet, gamle skatt- og likningssaker, samt ein del frå legekantoret, i depotet sitt.

4.5 INNSYN I DEPONERTE REGISTER

Ein registrert person har med visse unntak (jf Personoppl.§23) rett til å få innsyn i kva for opplysningar som vert handsama om seg sjølv. Dersom ein tidlegare klient eller elev ynskjer partsinnsyn i personalregister som er avlevert til arkivdepotet, skal vedkomande visast til den som er ansvarleg for det avleverte frå gjeldande institusjon. Mogeleg avslag om innsyn blir primært eit forhold som må avklarast med vedkomande person, saksansvarleg ved det arkivskapande organet og Datatilsynet.

Dersom personen får høve til innsyn, skal organet gi ansvarleg for arkivdepotet nok opplysningar om den registrerte so ein raskt kan finne personmappa.

Avleverande avdeling (arkivskapar) har tilgjenge i avlevert personregister og kan nytte registeret dersom bruken er den same som før deponering. Skal personopplysningane nyttast til anna formål enn før deponering, må arkivskapar søkje Datatilsynet om særskilt løyve før attendeføring kan skje.

Personopplysningar som blir attendeført fordi ein tidlegare klient går inn i eit nytt klientforhold, vil vanlegvis koma inn som dokumentasjon i den aktive klientmappa saman med det nye materialet. I slike høve skal ein ikkje levere attende materialet til depotet. Depotet må likevel få melding når ei slik attendeføring blir fast.

Personmapper som berre skal brukas mellombels og ikkje i eit nytt klientforhold, skal handsamas som eit utlån frå det avslutta arkivet og returneras til depotet etter bruk. For slikt utlån vil det vanlegvis vera ein frist på 4 veker, med mindre det berre er sendt over ein kopi av dokumentet. Då skal kopien makuleras etter bruk.

4.6 KONSESJONS- OG MELDEPLIKT.

Personopplysningsloven krev i utgangspunktet konsesjon for å handsame sensitive personopplysninga. Fleire unntaksreglar medfører at ei kommune i svært få edb-system eller papirregister treng konsesjon. EDB-baserte planregister med sensitive personopplysningar må kommunen ha konsesjon for. Langt dei fleste elektroniske systema med personopplysningar og papirbaserte sensitive personregister i ei kommune vil kunne være meldepliktige. Meldeplikt medfører å gi Datatilsynet melding om rutinar og ansvar knytt til bruken av personopplysningane.

Meldeplikta vil og kunne omfatte sensitive personregister som tidlegare var unnateke konsesjonsplikt, som t.eks. pasientjournalar.

4.7 DATASIKRING.

Elektronisk lagringsmedium kan berre nyttast dersom det er basert på system, rutinar og format godkjent av Riksarkivaren til dette bruk.

Det elektroniske materialet må oppbevarast i rom utan magnetfelt og med ein relativ luftfukt på 50 % og ein temperatur på 15 C.

Tilkomst til elektronisk materiale vert regulert av data tryggleiksrutinar for dette

4.8 FYSISK SIKRING

Ål kommune skal berre nytte permanent papir (ISO 9706) til saksdokument, møtebøker og kopibøker. Arkivutstyr som vert nytta til saksomslag skal vere av ein slik kvalitet at dokumenta ikkje vert skada. Det vert tilrådd å nytte saksomslag som ein får kjøpt frå Sem & Stenersen Prokom, som er leverandør av kontormateriell til m.a. kommunar.

Merking av omslag, mapper boksar o.a. som skal bevaras, skal skje med lysekte blekk. (penn).

For alt materiell som skal bevarast for ettertida skal det nyttast godkjent lagringsmedium.

Foto, film og elektronisk materiale skal konverterast til anna lagringsvarig medium i den grad det er nødvendig for bevaring.

Arkiv skal oppbevarast i lokal som er sikra mot brann og vasslekkasje og vere utilgjengelege for andre enn dei som har løyve til materialet. Det skal vere ein stabil temperatur i lokale med Grenseverdier 15 – 20 C og 40 – 60 % relativ luftfukt. (RLF).

Krava til spesialrom for arkiv er omtala i Arkivforskrifta kap. 4.

Sjå pt 5.5.3 om Arkivdepot.

5. ORGANISERING OG HANDSAMING AV ARKIV

§ 1.1 I Arkivlova - ” Offentlege organ pliktar å halde arkiv i samsvar med føresegnene i forskrifta her. Som offentlig organ blir rekna statlege, fylkeskommunale eller kommunale institusjon eller eining. Jf. Arkivlova § 2. Den enkelte kommune og fylkeskommune skal fastsetje kva for institusjonar og einingar som eventuelt skal reknast som eige organ etter forskrifta her.”

Ål kommune har valt å vere eit organ.

Det inneber at for kommunen skal det vere ei felles postliste for dei som nyttar sak/arkivsystemet.

Post blir ført i Tingstugu, på skulane, barnehagane, PPT kontoret, sjukeheimen og på helsestasjonen, men det skal vere ein arkivleiar for heile kommunen som skal ha det faglege ansvaret.

5.1 FRAMFINNINGSSYSTEM

Manuelle journalbøker fram til 1972 ?

Journalkort system 1972 ? – 1985 - (formannskapskontoret)

Uniqe elektronisk sakarkiv system 1986 - sept 1998 (alle sektorar)

K2000 sakarkivsystem sept. 1998 - d.d. (alle)

5.1.1 ARKIVNØKSEL OG ANDRE ORDNINGSPRINSIPP.

Kommunen tok i bruk KS – K-Kode system frå 1993 m/oppgradering i 1996, 1999 og 2003. Denne arkivnøkkel skal brukas til å registrere emnekode i journalar og til oppstilling i saksarkiva i kommunen.

- Serieordning etter gards- og bruksnummer blir brukt til registrering av objektkode i journalar og oppstillingar i spesialarkiva ved næringskontoret og teknisk sektor.
- Serieordning etter fødselsdato (dd.mm.åå) blir brukt til registrering av objektkode i journalar og oppstilling av spesialarkiv på personalet.
- Alfabetisk serieordning etter etternamn/fornamn blir brukt ved registrering av objektkoder i journalar og oppstilling av spesialarkiv ved
- Serieordning etter dato til ordning i kopibøker (noko har og gått på alfabet)
- Serieordning etter saksnummer til ordning i møte- og vedtaksbøker.

Andre ordningssystem kan berre takas i bruk etter godkjenning frå arkivleiar.

Tidlegare arkivnøklar som har vore nytta:

ROALDS Kommunale Arkivsystem 1935 – 1962 ?

N.H.F. arkivplan for Kommuneadministrasjonen. 1963 – 1974

NKS Arkivnøkkel for kommunen 1975 - 1993

K-Koder frå 1993

5.1.2 ELEKTRONISKE ARKIV

Som elektroniske arkiv reknar vi edb-baserte sak-/arkivsystem, databasar og andre IT-system som produserar og lagrar saksdokument og andre arkivdokument i digitalisert (elektronisk)

form. Edb-baserte register og databasar, til dømes postlister og ulike fagsystem, må tilfredsstillе visse systemkrav for å kunne nyttast berre i elektronisk form. Dersom kommunen tek i bruk elektroniske arkiv, skal desse systema følgje føresegnene i arkivforskrifta.

Arkivforskrifta godkjenner bruk av slike system når alle krava vert oppfylt.

5.1.3 DATAPROGRAM SOM HAR VORE-/ ER I BRUK:

- Unique, sakarkivsystem 1985 – 1998 (Ikkje alt konvertert til K2000)
- K2000 sakarkivsystem 1998 - d.d
- Geric
- Sosio
- HK-Data
- HS -Data
- Exstens
- Ajour (landbruk)
- Vitma Unique , økonomi- og lønssystem frå 2004

m. fl. (skal registrere inn fleire av dei aktuelle program som me nyttar/har nytta)

5.1.4 OPPBYGGING AV ARKIVET.

Dei enkelte arkiv i Ål kommune er delt opp i arkivseriar. Ein arkivserie er samling av dokument som på grunn av form og innhald er skilt ut og ordna etter eige ordningsprinsipp.

Her er eit oversyn som visar dei ulike arkivseriane som vert nytta i Ål kommune.

Møtebøker:

Protokollar frå møter i politiske utval. Desse skal innehalde sakliste, saksutgreiing, forslag til vedtak og dei enkelte vedtak.

Møtebøkene for dei største politiske utval som Kommunestyret, Formannskapet, Sektorutval for Helse- og sosial, Sektorutval for Oppvekst og Sektorutval for Teknisk, næring og ressurs, skal delast i periodar på eit år (nummerering)

Møtebøker for følgjande utval/nemnder vert delt i periodar på 4 år. (valperioden) Dette gjeld frå og med valperioden 2004 – 2007. Tidlegare år blir bunde inn tilnærma tidlegare valperiodar.

- Arbeidsmiljøutvalet
- Administrasjonsutvalet
- Eldrerådet
- Fast utval for plansaker
- Fjellstyret.
- Klagenemnda
- Klientutvalet
- Kontrollutvalet
- Kommuneplanutvalet
- Kvalitetsutvalet
- Skatteutvalet
- Styre for Ål Kraftverk KF
- Tiltaksteam ved bustadtildeling
- Valstyret
- Vilt- og innlandsfiskeremnd

Protokollane for dei politiske utval og formannskapet vert signerte av alle utvalsmedlemmane, og skal bindast inn årleg eller kvart fjerde år. Kommunestyret sin protokoll vert underteikna av ordførar samt to valde kommunestyrerepresentantar.

Administrative vedtak:

Saker avgjort av administrasjonen etter fullmakt (delegerte vedtak) skal ordnast kronologisk etter saksnummer og bindast inn årleg. Desse vedtaksprotokollane skal underteiknast av den som har fullmakt til å fatte vedtak.

Kopibøker/Brevkopi.

Dette er ein kronologisk samling av brev som vert sendt ut frå ein arkivskapar.

Brevkopiane skal vere signerte og innehalde både offentlege og unntatt offentlege kopiar.

Ein kopi skal ligge i saksmappa.

Kopibøkene skal bindast inn jf. Arkivforskrifta § 3-14 , 4-ledd.

Postlister.

Desse inneheld registrerte inn- og utgåande korrespondanse frå arkivskapar. Det skal først postlister (journalar) for alle arkivskaparar i Ål kommune. Det er sekretariatet som har ansvar for føring av felles postliste for saksposten på Tingstugu. Sosialkontoret/barnevernet har eigen journalføring av klientpost. Post til kommunelege/helsestasjon som gjeld pasientar vert ført på eigen pasientjournal. Post til Helse- og sosialetaten, staben, skal registrerast i K2000 i sekretariatet eller ved staben sitt kontor etter avtale.

Arkivet skriv ut offentleg postliste. Listene skal deretter setjast i eigen perm. Intern postliste (alle dokumentregistreringar, også unnateke offentlegheit) vert skrive ut kvartalsvis og binde inn. Skal stå i arkivdepotet.

Sakarkiv.

Arkivet inneheld alle saker som er politisk og administrativt handsama, unnateke saker som er teke hand om i eigne fagsystem. Ål kommune nyttar K-kode nøkkel som er utarbeida av Kommunenes sentralforbund.

Ål kommune skal ha eit sentralarkiv med unnatak av enkelte arkivseriar, sjå arkivoversyn.

Sakarkiveringa byggjer på prinsippet om fullført sakshandsaming.

Objektarkiv.

Dette er saksdokument som er ordna etter objektkode. Døme på dette er gardsnr/bruksnr, fødselsnummer, L12 reguleringsplanar m.m. Spesialseriar som inneheld sensitive opplysningar og konsesjonspliktige personregistra som ein skal ha konsesjon frå Datatilsynet For å kunne ha. Reglar for innhald, bruk og oppbevaring skal gå fram av konsesjonen.

5.2 ARKIVAVGRENSING.

Arkivforskrifta § 3-18 – Definisjonar:

Med arkivavgrensing er meint at dokument som fell inn under definisjonen av arkiv i § 2 i arkivlova, men som verken er gjenstand for sakshandsaming eller har verdi som dokumentasjon, blir halde utanfor eller fjerna frå arkivet.

Om Arkivavgrensing, Arkivforskrifta § 3-19:

Arkivavgrensing bør gjennomførast i samband med postbehandling eller arkivlegging. Dersom dette ikkje er skjedd, skal det gjennomførast ved bortsetting eller seinast ved avlevering til arkivdepot. Materialet som er skilt ut ved arkivavgrensing, kan oppbevarast separat utanfor arkivet, slettast eller kastas.

Følgjande typar av materiale skal skiljast ut ved arkivavgrensing:

1. Trykksaker, rundskriv, anna mangfalda og allment tilgjengeleg materiale og blankettar som ikkje er utfylte
Frå dette er det følgjande unntak:
 - a) det organet som har utferda slikt materiale, skal arkivere eitt eksemplar og dei nødvendige forarbeida.
 - b) dokument som fører til sakshandsaming, eller som er nødvendige vedlegg skal arkiverast.
2. Konsept, utkast, kladdar og kladdenotat, ekstra kopiar, interne meldingar o l som ikkje har verdi for saksbehandling eller dokumentasjon.
Frå dette er det følgjande unntak:
 - a) konsept som har noteringar og påteikningar som er nødvendige for å forstå saka og
 - b) den samanheng ho står i, skal arkiverast.
 - c) kopi av utgåande dokument skal arkiverast,
 - d) andre kopiar m v som er nødvendige vedlegg til ei sak, skal arkiverast.
3. Tekstbehandlingsfiler o l, bortsett frå det som eventuelt inngår i elektroniske saksarkiv, jf § 2-13,
4. Sakspapir som medlemmer av offentlege utval mottek, med mindre dokumenta må reknast som saksdokument for det organet medlemen representerer.
5. Anna materiale som verken er gjenstand for saksbehandling eller har verdi som dokumentasjon

Arkivavgrensing av materiale motteke frå eksterne ved posthandsaming:

Dokumentkategori:	Kommentar:
Bøker, trykksaker og publikasjonar	Det er utgjevaren som har arkiveringsansvaret. Mottakaren oppbevarer nødvendige eksemplar i eit bibliotek/arkiv, ikkje i arkivskuffen/skåpet.
Årsmeldingar, rapportar, utredningar, statistikkar osv.	Utstedaren har oppbevaringsansvaret. Vert det brukt nokon av rapportane i sakshandsaminga, kan vi ta kopi av framsida, legge den på saka og setja rapporten i arkivet.
Rundskriv	Vert handsama på same måte som ovanfor. Utgjevar har oppbevaringsansvaret. Rundskriv skal oppbevarast i eigne seriar, t d i ringpermar og kan kasserast etter behov.

5.3. BEVARING OG KASSASJON

Om Bevaringspåbod, Arkivforskrifta § 3-20:

Dersom ikkje Riksarkivaren fastsett noko anna, skal følgjande materiale alltid bevarast:

- a) arkivmateriale eldre enn 1950, etter at arkivavgrensing er utført.
- b) møtebøker, forhandlingsprotokollar, referatprotokollar, møtereferat og eventuelle vedleggsseriar til desse,
- c) organets eigne årsmeldingar,
- d) kopibøker (kopiar av utgåande dokument) og kopibokregister,
- e) journalar, medrekna journaldatabasar, og journalregister,
- f) alle andre former for register og hjelpemiddel som kan brukast til framfinning, t.d. arkivnøklar som organet har brukt,
- g) arkivplanar,
- h) presedenssaker og andre saker av prinsipiell karakter, også innafør saksgrupper der det i godkjende kassasjonsreglar er gitt kassasjonspåbod utan spesifiserte unntak
- i) kart, unnateke trykte kart utan påteikning,
- j) teikningar og fotografi som har inngått som eit ledd i den verksemda organet har drive,
- k) grunnlagsmateriale, innstillingar, protokollar/referat og endelege vedtak frå styre, råd, nemnder og utval.

Om Kassasjon, Arkivforskrifta § 3-21:

For materiale som ikkje kjem inn under arkivavgrensinga i § 3-19 eller bevaringspåbodet § 3-20, skal det utarbeidast kassasjonsreglar. Kassasjonsreglane skal gi oversikt over kva som skal bevarast og kva som kan eller skal kasserast, eventuelt kor lenge materialet skal oppbevarast.

For kommunar og fylkeskommunar utarbeider Riksarkivaren generelle kassasjonsreglar.

Dersom materiale som etter reglane kan kasserast ikkje er skilt ut frå det bevaringsverdige før avlevering til arkivdepot, må alt materiale oppbevarast i spesialrom for arkiv.

Det er forbode for tenestemenn å medvirke til at arkivmateriale blir kassert i strid med føresegnene i § 3-20 og paragrafen her, med mindre Riksarkivaren har gitt særskilt samtykke jf. arkivlova § 9. Brot på denne føresegna kan straffast etter arkivlova § 22.

Det er utarbeidd kassasjonsreglar knytt til K-kodane. I påvente av nye sentrale retningslinjer, er ikkje desse tilpassa vidare ved revisjon i K-kode nøkkelen frå 1999 og 2003. Det er difor naudsynt at materiale koda etter K-kodane må halde seg til

”Retningslinjer for arkivavgrensing og kassasjon i kommunale arkiv” frå 1987.

Når nye kassasjonsvedtekter vert vedteke, skal dei takast i bruk.

Kassasjonsregler skal ein forstå slik at **tilating til kassasjon er relativ**, medan **krav om bevaring er absolutt**. Kassasjonsreglar inneheld ikkje krav om kassasjon, men er ei generell rettleiing som seier kva for sakstypar som kan kasserast. Arkivtenesta må i samråd med sakshandsamar gjera ei evt kassasjonsvurdering for å sjå om sakene inneheld bevaringsverdige dokumentasjon.

5.4 PERIODISERING OG BORTSETTING

Periodisering har som føremål å skilje ut alle avslutta saker frå ei arkivperiode slik at dei kan overførast til eit bortsettingsarkiv.

Periodisering omfattar dei arkivdelane som det er naturleg å avgrense i tid.

Arkivordninga i Ål kommune er over 4-årsperiodar, (journalperiodar). Ny periode er ved årsskiftet etter nytt kommunestyreval.

Arkivforskrift § 3-12. 3-ledd. Når ein arkivperiode er avslutta, skal arkivmaterialet frå perioden skiljast ut frå det aktive arkivet. Papirbaserte saksarkiv, journalar, eventuelle journalregister og kopibøker skal setjast i bortsetjingsarkivet etter føresegnene i § 3-14 i arkivforskrifta.

Ei sak kan halde fram inntil 2 år inn i den nye perioden, sjå Arkivforskrifta § 3-13.

Alle arkivskapande einingar skal følgje denne periodiseringa. I tillegg skal det periodiserast når viktige arkivorganisatoriske endringar tilseier det t.d. skifte av arkivnøkkel, overgang til elektronisk arkiv og endring i arkivtenesta.

Objektordna spesialarkiv, slik som personalarkiv, egedomsarkiv og klientarkiv, er normalt ikkje gjenstand for periodisering i dei faste fireårsperiodane. Her må det utarbeidas eigne periodiseringsrutinar som kan skilje ut objekt som ikkje lenger er aktive og som kan setjast bort. Sjø Arkivforskrifta § 3-12, 2-ledd.

Periodisering av sak-/arkivsystem skal elles gjennomførast i samsvar med dei reglane som er fastsett i KOARK/NOARK-4. Elektroniske arkiv skal – dersom det skal bevarast –overførast til godkjent lagrings format og handsdamast etter forskriftene.

5.4.1. BORTSETTING

Ved overføring til bortsettingsarkiv/arkivdepotet skal ein merke den enkelte arkivdelen (esker, pakker, protokollar, filmrullar, elektroniske lagringsmedia m.m.) med:

- namn på arkivskapar (dvs sektor/avdeling)
- arkivdel (kopibok, saksarkiv osv)
- innhald (kode og tekst i arkivnøkkelen)
- tidsrommet arkivmaterialet femnar om

Vidare skal det vera gjennomført arkivavgrensing og kassasjon i samsvar med gjeldande forskrifter og regelverk. Det skal og settast opp ei liste over materiell som vil bli kassert, og ei fullstendig arkivliste over det som blir teke vare på. Ved bruk av elektronisk journal kan avleveringslista produserast frå journalsystemet, men numrering av arkivstykkane må påførast særskilt.

Møtebøker, protokollar, kopibøker og papirbaserte journalar skal bindast inn seinast ved bortsetting.

5.4.2 AVLEVERING AV PERSONREGISTER

Personmapper frå sensitive personregister skal som hovudregel leverast depot 10 år etter siste kontakt med vedkomande person.

Ål kommune får eige arkivdepot på Tingstugu slik at personmapper, som ikkje lenger er i aktiv bruk, skal leverast depotet etter siste kontakt. Dette grunna betre trygging av materiellet.

Mappene skal ligge i godkjente arkivboksar i same orden som det arkivet var ordna etter før deponering. Aktuelle ordningsmåtar er etter fødselsnummer, alfabetisk etter namn, eller etter klientnummer. Mapper etter døde personar bør merkas særskilt.

Møtebøker, protokollar, kopibøker og papirbasserte journalar skal bindast inn seinast ved bortsetting.

5.5 ARKIVOVERSIKT

5.5.1. DAGLEGARKIV.

Daglegarkiv kan oppbevaras i vanlege kontorlokale. Slike rom må likevel tilfredstille visse krav:

- Røyking og annan brannfarleg verksemd skal være forbode
- Rommet kan berre innehalde elektrisk utstyr som er nødvendig for verksemda i arkivlokalet.
- Rommet skal være sikra mot vatn, og fukt. Det skal ikkje takast i bruk lokal som ein veit kan verta truga av vatn eller overfløymingar.
- Det skal ikkje være sikringskkåp og liknande i rommet.
- Bygningsdelane i rommet skal minst ha brannmotsandsevne REI 30 og være utført i materialar som er avgrensa brennbare. Arkivlokalet skal ha handsløyke apparat.
- Rommet skal ha stabilt klima, med vanleg romtemperatur og relativ luftfukt rundt 50 %.

Kontorlokal der ein har arkiv, skal gå inn i det ordinære sikkringsopplegget for bygningen. Arkivmaterialet skal være sikra mot ulovleg tilgang og mot innbrot.

Det skal og være reglar for kven som skal ha tilkomst til arkivlokalet.

5.5.2 BORTSETTINGSARKIV

Arkiv som er skild ut etter periodesering skal normalt bli ført over til eit bortsettingsarkiv, men kan oppbevarast i kontorlokale dersom det er i hyppig bruk.

Med hyppig bruk reknar ein minst ein gong i veka. Arkivlokal som skal nyttast som bortsettingsarkiv skal kunne klassifiserast som spesialrom for arkiv, det vil seie at i tillegg til krav for daglegarkiv, skal spesialrom for arkiv tilfredsstillе ei rekkje andre krav, m.a. brannmotstandsevne REI 60.

I Ål kommune har me no valt å byggje eit nytt arkivdepot i Tingstugu som skal nyttas både som bortsettingsarkiv og depot for gamle og avslutta saker. Arkivmaterieil skal difor som hovudregel leverast depotet kvart 4 år og følgje valperioden. Sektorar eller avdelingar som har trong om å ha sine arkiv over lenger tid, må bruke arkivskåp med brannmotstandsevne EI 90 eller høgare.

5.5.3 ARKIVDEPOT FOR ÅL KOMMUNE.

Ål kommune har plikt til å ha eit godkjent fjernarkiv-/arkivdepot for eldre og avslutta arkiv, jf. Arkivforskrifta § 5-1.

Arkivforskrifta krev at arkiv som ikkje er i bruk for administrative føremål (eldre arkiv), og arkiv etter nedlagde organ eller har avslutta verksemda (avslutta arkiv), skal leverast til arkivdepot. Materialet som vert overlevert depotet, skal vera kassasjonshandsama. Arkiv som vert avslutta i samband med nedlegging av administrative einingar skal leverast etter avtale med leiinga for depottenesta.

Arkivlokale som skal nyttast til eldre og avslutta arkiv, skal kunne klassifiserast som spesialrom for arkiv. I tillegg til krava for daglegarkiv skal spesialrom for arkiv tilfredsstillе desse krava:

- Tilfluktsrom skal ikkje nyttast til arkivlokale, i tilfelle berre til oppbevaring av arkivmaterieil som er vedteke kassert etter ei viss tid.
- Lokalet skal vera innreidd slik at arkivmaterialet ikkje står rett på golv, tett inntil vegg eller tak.
- I spesialrom for arkiv skal det ikkje vera vassrøyr
- Lokal som skal nyttas til varig oppbevaring av eldre og avslutta arkiv, depot, skal ha brannmotstandsevne REI 120
- Spesialrom for arkiv skal ha sjølvluukkande dør. Det skal normalt ikkje ha vindauga.
- Reolane skal vera av ikkje brennbart materiale
- Spesialrom for arkiv skal ha automatisk brannalarm
- Spesialrom for arkiv skal vera sikra med særskild innbrotalarm
- Spesialrom skal varmast opp med varmekabel i golv eller i eigne vernekonstruksjonar eller med varmluftsanlegg.

Ål kommune får i løpet av 2005 eige lokale til dette føremålet. Arkivverdige materieil er no spreidd rundt i den enkelte etat/avdeling utan forskriftsmessig sikring. Det nye arkivet skal vere eit kombinert bortsettingsarkiv og arkivdepot. Ved bortsetting i dette lokalet må ein merke kva som skal takas vare på for all framtid og kva som skal oppbevarast i ein avgrensa periode. Arkivleiar skal ha ansvar for ordning, katalogisering, vedlikehald og ekspedisjonar frå dei avleverte arkiv, også for det elektroniske materieil som blir levert.

Arkivdepotet skal leggje tilhøva til rette slik at publikum kan gjere bruk av arkivmaterialet innafor dei rammene som følgjer av gjeldande føresegner om innsynsrett, teieplikt og gradering, jf. Arkivforskrifta § 5-6.

Ål kommune skal utarbeide eigne rutinar for utlån av dokumenter frå arkivdepotet.

Elektroniske arkiv skal leverast til arkivdepotet i Tingstugu når dei er ute av aktiv bruk. Det er den som er ansvarleg for arkivdepotet som er ansvarleg for det elektroniske materialet som er levert.

5.5.4. OVERFØRTE ARKIV

Ål Likningskontor vart i 2003 slege saman med dei andre likningskontora i Hallingdal og kontoret flytta til Gol.

Det gamle skatte-/likningsarkivet frå den tid likningskontoret var kommunalt, vart overført til arkivdepotet i kommunen

Dette inneheld Likningsprotokollar frå 1902 til og med 1949 og ymse andre skatteprotokollar og skriv.

Barneskulane i Ål var for nokre år attende mange 13 stk i alt, av dei er det no 5 stk

pluss ungdomsskulen som er i drift.

Skoleprotokollar og anna materiell frå dei nedlagde skulane, Kvinnegardslia, Øvre Ål, Breie, Opheim, Bergsgard, Tveito, Nordre Vats og Søre Vats, er i det alt vesentlege overført til arkivdepotet i Tingstugu.

Overformynderiet har lagra sine protokollar m.m i depotet vårt.

Ål Forlikråd blir statlege frå 01.01. 2006. Arkivet som inneheld protokollar og saksdokument frå før denne tid, er kommunal eigedom og blir ståande i arkivdepotet i Tingstugu.

5.5.5 TAPTE ARKIV

